Landbruksplan 2026–2038 – Samnanger

Innhald

LANDBRUKSPLAN 2026–2038 – SAMNANGER 1

1 INNLEIING 3

1.1 Forord 3

1.2 Kva er planen? 4

1.3 Kopling til andre planar og overordna føringar 5
Overordna føringar (nasjonale, regionale, kommunale) 5
Kommuneplanen sin samfunnsdel 6
Kommuneplanens arealdel 7
Klima, natur og miljø 8
Næringsutvikling 8

1.4 Arbeidet med planen 8

2 RESSURSGRUNNLAG OG NØKKELTAL PRODUKSJONAR FOR SAMNANGER KOMMUNE 9

2.1 Landbruket si rolle og verdi for Samnanger 9

2.2 Jordbruk 10
2.2.1 Utvikling i jordbruksforetak og jordbruksareal 10
2.2.2 Mjølkeproduksjon 11
2.2.3 Kjøtproduksjon 12
2.2.4 Økologisk landbruk 13
2.2.5 Planteproduksjon 14
2.2.6 Grovfôr og fôrressursar 14
2.2.7 Birøkt 14
2.2.8 Bruk av beite og utmark 15

2.3 Verktøy for arealplanlegging og jordvern 15
2.3.1 Jordbruksareal ute av drift 16
2.3.2 Jordbruksareal nær tettstader 16
2.3.3 Nedbygging av jordbruksareal 17
2.3.4 Massehandtering og nydyrking 17
2.3.5 Samla vurdering 17

2.4 Skogbruk 17
Nøkkeltal for skogbruket 18
2.4.1 Avverking 19
2.4.2 Forynging og skogreising 19

2.4.3 Ungskogpleie 19
2.4.4 NMSK-tilskot 19
2.4.5 Landbruksvegar 20
LUF- tilskot 20
2.4.6 Taubanedrift 20
2.4.7 Skogen si rolle i karbonfangst 20
2.4.8 Skog som strategisk ressurs 20
2.4.9 Skogbruksplan og miljøregistrering i skog (MiS) 21
2.4.10 Hogstformer og berekraftig skogbruk 21
2.4.11 Kompetanseheving og fellesforvaltning 21
2.4.12 Viktigaste mål for skogbruket i kommunen 21

2.5 Vilt- og utmarksforvaltning 22
2.5.1 Hjort 22

2.6 Utmarksbeite 23

2.7 Tilleggsnæring og nye næringar 23
2.7.1 Kva har vi i dag? 23
2.7.2 Kva bør vi satse på? 24
2.7.3 Kva må til for å lukkast? 25

2.8 Urbant landbruk 25

2.9 Miljø, klima og naturmangfald 25

3 HOVUDMÅL FOR LANDBRUKET I SAMNANGER KOMMUNE – KVA VI VIL 26

3.1 Hovudmål 26

4 DELMÅLA - KORLEIS NÅ MÅLA I PLANEN 26

4.1 Delmål 1: Betre ressursutnytting 27
4.1.1 Bakgrunn og utfordringsbilete 27
4.1.2 Strategiar for å nå delmålet 27

4.2 Delmål 2: Betre beredskap 30
4.2.1 Bakgrunn og utfordringsbilete 30
4.2.2 Strategiar for å nå delmålet 31

4.3 Delmål 3: Sikre busetting 32
4.3.1 Praktisering av buplikt og driveplikt 33
4.3.2 Bakgrunn og utfordringsbilete 33
4.3.3 Strategiar for å nå delmålet 33

4.4 Delmål 4: Legge til rette for at fleire gardar kan drive tilleggsnæring og lokal foredling 35
4.4.1 Bakgrunn og utfordringsbilete 35
4.4.2 Strategiar for å nå målet 36
4.4.3 Samordning med andre mål i landbruksplanen 38

4.5 Vedlegg og kjelder 39

1 Innleiing

1.1 Forord

I Noreg har vi aldri vore rikare enn vi er i dag. Vi har tilgang på mat frå heile verda, butikkhyller som bognar av varer og ein velstand som ingen generasjonar før oss kunne førestille seg. Samstundes er det grunn til å stille spørsmålet om denne rikdommen har gjort oss fattigare.

For berre nokre få generasjonar sidan var samanhengen mellom jord, matproduksjon og overleving sjølvsagd. Folk visste kvar maten kom frå, korleis han vart produsert og kva som kravdest for å sikre neste års avling. I dag er denne samanhengen mindre synleg. Mat er blitt noko vi kjøper stort sett, ikkje noko vi produserer. Produksjonen skjer ofte langt borte frå oss, og kunnskapen om ressursane som ligg bak maten, har gradvis blitt mindre.

Vi likar å sjå på Noreg som ein rik nasjon. Men rikdom kan gi ei falsk kjensle av tryggleik.

Mykje av maten vi et i dag er produsert på areal utanfor Noreg. På mange måtar lever vi på leigejord.

Kvar bonde veit kva det betyr. Leigejord kan vere ein god ressurs, men ho er aldri di. Du kan investere i ho, stelle ho og vere avhengig av ho, men den dagen eigaren ønskjer å bruke arealet til noko anna, er det ikkje du som bestemmer. Då må du leite etter nye areal. Då må du be om tilgang ein annan stad.

Er det eigentleg så annleis med norsk matforsyning?

Maten vår er i aukande grad avhengig av jord i andre land og av globale marknader. Når andre nasjonar vel å prioritere sine eigne behov framfor våre, kor sjølvstendige er vi då? Når det verkeleg gjeld, er vi ein sjølvberga nasjon eller ein velståande tiggar?

Vi har dei siste åra sett kor raskt verda kan endre seg. Krig i Europa, pandemi, energikriser og aukande geopolitisk uro har vist kor sårbare globale forsyningsliner kan vere. Samstundes byggjer vi ned eigne arealressursar i tru på at maten alltid vil kome frå ein annan stad. Historia lærer oss at tryggleik ikkje handlar om kva vi kan kjøpe når alt fungerer. Tryggleik handlar om kva vi kan produsere når det ikkje lenger fungerer.

På same tid har gapet mellom menneske og mat aldri vore større. Generasjonar før oss kjende jorda, dyra og årstidene. I dag møter dei fleste maten i emballasje som merkevarer og som ferdigprodukt. Store delar av matindustrien lever godt av å «foredle», forenkle og tilsetje. Litt mindre av råvara. Litt meir av noko anna. Litt søtare. Litt billigare. Litt meir praktisk.

Vi har fått eit enormt utval av mat. Men spørsmålet er om vi samstundes har mista noko på vegen. Kunnskap. Identitet. Respekt for ressursane.

Landbruket handlar om langt meir enn produksjon av mat. Det handlar om beredskap, kulturlandskap, naturressursar, lokal verdiskaping, fellesskap og identitet. Det handlar om kva samfunn vi ønskjer å vere, og kva ressursar vi vil overlate til dei som kjem etter oss.

Den største trusselen mot arealressursane våre er likevel ikkje mangel på kunnskap. Vi veit kor matjorda ligg. Vi veit kva ho er verd. Vi veit at ho ikkje kan erstattast. Sjølv om vi ofte etterlyser meir kunnskap i debattar og planprosessar, er utfordringa sjeldan at vi veit for lite.

Problemet er at nesten alle andre interesser har ei sterkare stemme.

Bustader. Vegar. Næringsområde. Kraftutbygging. Teknisk infrastruktur. Kvar for seg framstår dei fleste inngrep som fornuftige og lovande på meir velstand. Kvar for seg verkar dei små. Men

matjord forsvinn sjeldan gjennom eitt stort vedtak. Ho forsvinn bit for bit, dispensasjon for dispensasjon, plan for plan.

Ofte skjer dette ikkje fordi nokon ønskjer å byggje ned matjorda, men fordi ulike fagmiljø, sektorar og interesser opptrer som «bulldosarar» mot kvarandre. Alle kjempar for sitt samfunnsoppdrag. Få kjempar for heilskapen. Dette gjeld ikkje berre mellom ulike samfunnsinteresser, men også internt i kommunane.

Resultatet er at dei mest langsiktige verdiane taper mot dei mest kortsiktige behova.

Denne planen handlar difor ikkje først og fremst om landbruk.

Han handlar om kva slags samfunn vi ønskjer å vere.

Eit samfunn som forvaltar eigne ressursar.

Eller eit samfunn som sel ressursane bit for bit og håpar at nokon andre vil ta ansvar når vi treng dei att.

Landbrukssjef Simon Wolff

1.2 Kva er planen?

Kva er landbruket si rolle i Samnanger kommune i dag, og kva rolle skal landbruket ha i framtida?

Det spørsmålet skal denne planen freiste å svare på. Planen skal gi eit grunnlag for politiske prioriteringar, mål og tiltak for landbruket i Samnanger. Planen skal òg bidra til å styrka landbruket sin posisjon i den heilskaplege kommuneplanlegginga, og skape større medvit om den viktige rolla landbruket har for verdiskaping, busetjing, beredskap, folkehelse, næringsutvikling, og viktige natur- og miljøverdiar

Landbruksplanen skal gi tydelege signal om kva som er viktige areal og ressursar for landbruket, og få fram kva landbruksnæringa har å seia for verdiskaping, sysselsetjing, busetjing, kulturlandskap og anna næringsliv i kommunen.

Landbruksplanen skal elles vera eit forvaltingsverktøy for kommunen, i høve korleis omsynet til landbruk skal takast i vare i sakshandsaming og planarbeid, og klargjera kva for prinsipp som skal leggjast til grunn. Planen skal sikte mot å vera eit viktig sektorinnspel til andre kommunale planar, i særleg grad til kommuneplanen.

For at landbruket skal ha gode rammevilkår, trengst det føreseieleg politikk med tydelege prioriteringar. Sjølv om mange av dei jordbrukspolitiske verkemidla vert framforhandla på nasjonalt nivå, er det jamvel mykje lokalt handlingsrom som kommunen kan nytta for å stimulera utviklinga i ønska retning. Kommunen er til dømes planmynde, og har eit stort ansvar for å ta vare på jordbruksinteressene i planarbeidet, slik at og kommuneplanen legg til rette for landbruk og samspelet med andre samfunnsinteresser.

For at politikarane skal ha eit godt grunnlag for å fatte vedtak, er det viktig med eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag og gode faglege vurderingar.

Planen består av ein statusdel med oversikt over ressursgrunnlag og nøkkeltal for produksjonar, og ein måldel med hovudmål og delmål. Dei konkrete tiltaka for å nå måla er samla i eit eige vedlegg til planen tiltaksdelen. I tillegg har planen fleire vedlegg, som kunnskapsgrunnlag

kjerneområde landbruk, oversikt over andre relevante aktørar og prinsipp for lovpraktisering i landbrukssakar.

Planperioden er 2026–2038 og omfattar tre kommunestyreperiodar. Tiltaksdelen og andre vedlegg kan reviderast ved starten av kvar ny kommunestyreperiode[1].

1.3 Kopling til andre planar og overordna føringar

Landbruksplanen for Samnanger 2026–2038 er ein temaplan under kommuneplanen, og skal følgje opp nasjonale, regionale og kommunale mål for landbruk, klima, natur og samfunnsutvikling. Planen er òg eit fagleg innspel til vidare kommuneplanarbeid, særleg arealdelen, og eit arbeidsverktøy for kommunen som landbruksmyndigheit. Dette er i tråd med statleg rettleiing om at kommunale landbruksplanar både skal vere sektorinnspel til kommuneplanen og eit verktøy for utvikling av landbruket lokalt.

Landbruksplanen er forankra i *kommunal planstrategi 2025–2028*, som peikar ut prioriterte planoppgåver og satsingsområde for kommunen, mellom anna berekraftig lokal verdiskaping, klima, natur- og kulturverdiar på land og i sjø, samt god samfunnstryggleik og beredskap.

«Samnanger har relativt få bønder, og ønskjer ha eit aktivt landbruk, og skal unngå omdisponering av jordbruksareal. Ressursane skal forvaltast på ein måte som sikrar matsikkerheit, klimatilpassing og lokalt beredskap»[2].

I tillegg til det som er nemnt nedanfor, skal planen òg sjåast i samanheng med:

- **økonomiplan og årlege handlings- og budsjettvedtak**, som avgjer korleis tiltak i landbruksplanen kan finansierast og prioriterast
- relevante **temaplanar og strategiar** (til dømes innan næring, folkehelse, kultur og friluftsliv), der landbruk, lokalmat, kulturlandskap og arealbruk har verknad.

Overordna føringar (nasjonale, regionale, kommunale)

Nasjonale føringar

Hovudmålet i landbruks- og matpolitikken er å oppretthalde eit levande landbruk over heile landet, sikre tilgang til nok og trygg mat til heile befolkninga (matsikkerheit og beredskap), samt auke verdiskapinga basert på ei berekraftig forvaltning av landbruket. Regjeringa sine ambisjonar for landbruks- og matpolitikken er nedfelt i stortingsmelding nr. 11 (2023-2024).

Riktig bruk og vern av arealressursane er ei føresetnad for å nå produksjonsmålet. I 2023 vedtok regjeringa ein ny jordvernstrategi, med mål om skjerpa vern av matjord og nye tiltak for å nå dette målet. Det nye målet for omdisponering av dyrka mark er 2000 dekar per år. Målet skal vere nådd innan 2030.

Landbruks- og matministrane har dei siste åra sendt ut fleire brev til kommunane, der det vert lagt føringar for omdisponering av jord og andre spørsmål av betydning for landbruket. I brevet ”Ta vare på matjorda” peika dåverande landbruks- og matminister Sandra Borch på kor viktig matsikkerheit er, og kor viktig landressursane for matproduksjon. I brevet frå landbruks- og matminister Geir Pollestad vart det understreka at nedbygging av landbruksareal må reduserast, og påpekte mellom anna at nedbygging ikkje kan avbøtast med nydyrking av nye

[1] Første revidering planlagt 2031
[2] Planstrategi 2025-2028 - Klima, miljø og naturmangfald

område. Nydyrka jord brukar lang tid på å oppnå same kvalitet og produksjonsevne som «gamal» matjord.

Stortingsmelding nr. 6 (2016-2017) "Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog og trenæring" inneheld politiske føringar for skog- og trenæringa. Det er nemnt fleire viktige tiltak for å nå overordna mål, slike som økt kompetansebygging, vidareutvikling av skogvegsnettet, vidareføring av satsinga på bioenergi mv.

Dei statlege planretningslinene for arealbruk og mobilitet[3] legg føringar for korleis kommunane skal forvalte landbruksområde og vern av matjord. Målet er å sikre matberedskap, ta vare på dyrka mark og styrkje landbruksnæringa i arealplanlegginga.

Retningslinene seier at «...[J]ordvern bør være et overordnet hensyn i arealplanleggingen. Potensialet for fortetting og transformasjon skal kartlegges og bør utnyttes før det vurderes å ta i bruk dyrket eller dyrkbar jord til utbyggingsformål. Hensynet til jordbrukets kulturlandskap, urbant landbruk og matberedskap skal også vektlegges.»

Regionale føringar

På regionalt nivå er landbruksplanen forankra i:

- **Temaplan for landbruk i Vestland 2023–2027,** som peikar ut hovudretningar for jordvern, klima og miljø, rekruttering og kompetanse, matproduksjon, tilleggsnæringar, skog og bioøkonomi.
- **Handlingsplan for landbruk i Vestland 2022**, som konkretiserer satsingar og bruk av verkemiddel i regionalt næringsprogram og andre ordningar.
- **Regional plan for berekraftig verdiskaping / innovasjon og næringsutvikling,** som temaplanen er forankra i, med satsing på grøn næringsutvikling, kompetanse og inkluderande samfunn.
- **Regional plan for klima 2022–2035** og andre regionale planar, som gir føringar for klima, arealbruk, transport og samfunnstryggleik.

Landbruksplanen for Samnanger følgjer opp desse føringane mellom anna ved å:

- konkretisere **jordvern og betre ressursutnytting** lokalt (Delmål 1)
- løfte fram landbruket som del av **beredskap og samfunnstryggleik** (Delmål 2)
- arbeide for **busetjing og levande bygder** (Delmål 3)
- styrkje **tilleggsnæringar, lokalmat, skog og bioøkonomi** (Delmål 4 og eigne kapittel om skog og lokalmat).

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Samnanger fram mot 2035, samfunnsdelen til kommuneplanen 2024–2035, vart vedteken 19. juni 2025. Planen har tre satsingsområde: Samnanger som eit NÆRT, GRØNT og AKTIVT samfunn. Landbruksplanen konkretiserer desse satsingane på landbruksområdet.

Dei fire delmåla i landbruksplanen følgjer opp desse føringane:

- betre ressursutnytting

[3] Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet - Lovdata

- betre beredskap
- sikre busetjing
- leggje til rette for tilleggsnæring og lokal foredling.

Delmåla er særleg forankra i strategiane for jordvern, primærnæringar, beredskap og næringsutvikling i samfunnsdelen, sidene 14 og 16–19.

Som eit nært samfunn skal Samnanger vidareutvikle grendene, styrkje lokalmiljøa og leggje til rette for at folk kan bu og arbeide i kommunen. Aktive og busette gardsbruk bidreg til dette gjennom arbeidsplassar, landskapspleie og deltaking i lokalsamfunnet. Nærleiken til Bergen og nabokommunane gir også grunnlag for marknadstilgang, samarbeid og kombinasjonsdrift.

Som eit grønt samfunn skal Samnanger unngå omdisponering og nedbygging av jordbruksareal, verne om dyrka mark og handheve buplikt og driveplikt i tråd med lovverket. Samfunnsdelen legg vekt på berekraftige primærnæringar, naturmangfald, vassmiljø og omsyn til klimarelaterte farar. Han knyter aktivt landbruk og forvaltning av jordressursane direkte til matsikkerheit, klimatilpassing og lokal beredskap.

Som eit aktivt samfunn skal Samnanger stimulere til omstilling og vekst i primærnæringane og dei kulturbaserte næringane. Turisme, «Inn på tunet» og lokal matproduksjon er nemnde som døme. Kommunen skal vere tilgjengeleg, leggje til rette for samhandling og støtte initiativ til næringsutvikling.

Samla sett søkjer landbruksplanen å vere eit verktøy for å gjere kommuneplanen sin samfunnsdel meir operativ på landbruksområdet. Planen viser korleis overordna mål om berekraftig verdiskaping, jordvern, klimaomsyn, naturmangfald, beredskap og levande bygder kan følgjast opp gjennom konkret landbrukspolitikk og praktisk forvaltning i Samnanger.

Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanen sin arealdel 2017–2027 vart vedteken 13. desember 2017, med endringar 14. juni 2018. Arealdelen fastset rammer for arealbruken og er sentral for vern av jordbruksareal og utvikling av landbruksbasert næring. Landbruksplanen skal gi faglege innspel til vidare arealplanlegging. I enkeltsaker er gjeldande plankart, føresegner og reguleringsplanar avgjerande.

Føresegnene for LNF-områda legg vekt på natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og jordvern. Punkt 29.5 seier at det ikkje skal utførast tiltak på dyrka eller dyrkbar mark, og at dette også gjeld tilkomstveg. Punkt 30 omtalar naudsynte tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd og krev tilpassing til kulturlandskapet. Desse føringane er viktige både for ordinær drift og utvikling av tilleggsnæringar.

Kommuneplanlegginga bør sikre produksjonsareal, driftsvegar, tilkomst, beiteområde og høve til å utvikle gardsdrifta. Nye bustad- og næringsområde må vurderast ut frå samla verknad for landbruket, også der eit tiltak ikkje direkte byggjer ned dyrka jord. Oppdeling, vanskelegare tilkomst og konfliktar mellom drift og bustader kan svekkje produksjonsgrunnlaget.

Kartlegging av viktige landbruksområde og kulturlandskap skal gi grunnlag for å vurdere kjerneområde landbruk og omsynssoner ved revisjon av arealdelen. Avgrensing og prioritering skal byggje på arealkvalitet, driftsforhold og samanhengen mellom jord, beite, tun og tilkomst.

Landbruksplanen skal bidra til å gje eit godt fagleg grunnlag for arealplanlegginga ved å:

- synleggjere kunnskapsgrunnlaget for **kjerneområde landbruk**, viktige jordbruksareal, beiteområde og skog- og utmarksressursar
- peike på behov for å **avgrense nedbygging og oppstykking av dyrka og dyrkbar jord**, og følgje opp mål og strategiar om jordvern og matjordplanar i plan- og byggesaker
- gi føringar for bruk av **omsynssoner, rekkjefølgjekrav og avbøtande tiltak** der utbygging kan påverke landbruket
- tydeleggjere korleis endra arealbruk og store samferdsleprosjekt kan påverke **matsikkerheit, beredskap og drift av gardsbruk**.

Klima, natur og miljø

Samfunnsdelen til kommuneplanen gir føringar for redusert klimabelastning, sirkulær ressursbruk, vern av naturmangfald og klimatilpassing. Han peikar særleg på flaum, skred og andre konsekvensar av meir vatn. Landbruksplanen skal følgje opp dette gjennom god drenering, jordstruktur, gjødselhandtering, beitebruk og tilpassa skogforvaltning.

Tiltak i jord- og skogbruket må vurderast ut frå både produksjon, naturverdiar og vassmiljø. Skjøtsel av kulturmark kan styrkje naturmangfaldet, medan feil plasserte inngrep kan gi erosjon, avrenning eller tap av viktige leveområde. Kartlegging og lokal fagkunnskap må nyttast ved prioritering av tiltak.

Næringsutvikling

Fagnotatet om næringsutvikling til kommuneplanen sin samfunnsdel skildrar lønsemd i små produksjonar, rekruttering, oppdelte jordbruksareal og attgroing som utfordringar for landbruket. Det løftast fram småskala matproduksjon, foredling, reiseliv og betre distribusjon som moglegheiter. Desse vurderingane utfyller samfunnsdelen sine mål for primærnæringane.

For landbruksplanen betyr dette at rettleiing om gardsdrift og tilleggsnæring må sjåast i samanheng med kommunen sitt næringsarbeid. Samarbeid med etablerar- og rådgjevingsmiljø, betre bruk av bygningar og kontakt mellom produsentar og kundar er sentrale oppgåver. Moglegheitene må vurderast ut frå ressursgrunnlag, etterspurnad og økonomi på den enkelte garden.

1.4 Arbeidet med planen

Arbeidet med landbruksplanen har gått føre seg over fleire år, og vart intensivert i 2025 og 2026. Planarbeidet er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel og byggjer på nasjonale og regionale føringar, eksisterande kommunale planar og strategiar, statistikk og anna relevant kunnskapsgrunnlag.

Ein viktig del av arbeidet har vore å oppdatere kunnskapen om landbruket i Samnanger og utviklinga i næringa. Parallelt med landbruksplanen er det arbeidd med revisjon av kjerneområde landbruk, og ny jordvernstrategi som skal gi eit oppdatert fagleg grunnlag for jordvern og arealforvaltning i kommunen.

Undervegs har det òg vore arrangert seminar med Arne Bardalen (NIBIO) om jordvern, erfaringsutveksling med landbrukskontoret i Kvinnherad, faglege diskusjonar med landbruksavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland, digital spørjeundersøking om status på

framtidsutsikter, økonomi og trivsel hos bønder, og internt arbeidsverkstad for landbrukskontoret.

Medverknad frå landbruksnæringa har vore viktig i planarbeidet. Det er gjennomført møte og dialog med faglaga, med mål om å få fram lokale utfordringar, behov og moglegheiter. Innspela har vore nytta i arbeidet med mål, strategiar og tiltak.

Planframlegget vert lagt fram for politisk handsaming og offentleg høyring. Innspel frå høyringa vert vurderte før planen vert lagt fram for endeleg politisk vedtak.

2 Ressursgrunnlag og nøkkeltal produksjonar for Samnanger kommune

2.1 Landbruket si rolle og verdi for Samnanger

Landbruket i Samnanger er både ei næring og ein viktig del av kommunen sitt produksjonsapparat. Jord, skog, utmark, bygningar, husdyr og kompetansen hos dei som driv, gir grunnlag for matproduksjon og lokal verdiskaping, og er samstundes viktige for beredskap, busetjing, aktivitet i grendene, kulturlandskap og naturmangfald. Verdien av landbruket kan difor ikkje berre målast i talet på aktive gardsbruk eller økonomisk omsetning. Når jord går ut av drift eller blir bygd ned, kan kommunen òg miste produksjonskapasitet og ressursar som det er vanskeleg å byggje opp att.

Nokre nøkkeltal synleggjer omfanget:

- 4 913 dekar jordbruksareal, tilsvarande 1,8 prosent av landarealet. Av dette er 1 944 dekar fulldyrka jord, 1 166 dekar overflatedyrka jord og 1 803 dekar innmarksbeite.
- 65 678 dekar produktiv skog, tilsvarande 24,4 prosent av landarealet.
- Hausten 2025 var det registrert 70 mjølkekyr, 12 ammekyr og 108 andre storfe i produksjonstilskotsstatistikken for Samnanger. Våren same året var det registrert 628 søyer og 53 vêrar, fødde året før eller tidlegare.
- I 2025 vart det levert 426 853 liter kumjølk, 13,8 tonn storfekjøt og 12,4 tonn småfekjøt frå Samnanger. Produksjonane byggjer på gras- og beiteressursane i kommunen.
- Produksjons- og beitetala nedanfor gjeld 2025, med historiske samanlikningar der det finst tidsseriar. Dyretal for våren 2026 er viste særskilt. Tal på søkjarar gjeld den enkelte produksjonen og kan ikkje summerast til eit samla tal på jordbruksføretak, fordi same føretak kan ha fleire produksjonar.

Samnanger er ein kommune med fjord og bratte fjellsider, der areal eigna for jordbruk er avgrensa. Det er difor viktig å ta vare på dei areala som finst, og utvikle driftsløysingar som fungerer på både store og mindre landbrukseigedomar.

Nærleiken til Bergen gjer det mogleg å kombinere gardsdrift med anna arbeid og å selje varer og tenester i ein større marknad. Samstundes må drift på små areal ha ei lønsemd og ei arbeidsbelastning som gjer det attraktivt å halde fram.

Verdien av landbruket omfattar meir enn omsetninga på garden. Landskapspleie, naturforvaltning, lokal kunnskap og tilgang på maskinar og arbeidskraft har også verdi for kommunen. Desse bidraga må inngå i vurderinga av landbruket si rolle, saman med sysselsetjing og økonomisk verdiskaping.

2.2 Jordbruk

Jordbruket i Samnanger er ein viktig del av næringslivet, kulturlandskapet og beredskapen i kommunen. Næringa skapar arbeidsplassar både direkte og indirekte, held oppe aktivitet i bygdene, tek vare på jordbruksareal og kulturlandskap, og bidreg til lokal matproduksjon basert på ressursar som elles i liten grad kan nyttast til mat. Jordbruket har store positive økonomiske ringverknader i kommunen.

Samnanger er ein vestlandskommune der gras, beite og grovfôrbasert husdyrhald står sentralt. Mjølk, storfekjøt og sauehald nyttar ressursar som i liten grad kan brukast direkte til planteproduksjon for menneskemat. I tillegg finst det mindre, men viktige produksjonar innan frukt, grønsaker, veksthus, birøkt og økologisk drift. Dette utgjer ein liten andel, og omfanget varierer frå år ti år. Verdiskapinga omfattar òg skogbruk, foredling og tilleggsnæringar.

Verdiskapinga i jordbruket i Samnanger vart i 2020 berekna til om lag 3,7 millionar kroner, målt som bruttoprodukt inkludert tilskot. Kumjølk var den største produksjonen med om lag 2,4 millionar kroner, tilsvarande rundt to tredelar av samla verdiskaping. Sauehaldet stod for om lag 1,2 millionar kroner, medan birøkt bidrog med om lag 0,1 millionar kroner. Tala viser at verdiskapinga i jordbruket i kommunen i hovudsak var knytt til mjølkeproduksjon og sauehald.

I tillegg til verdiane som vert skapte på gardane, kjem viktige ringverknader hos leverandørar, transportørar og foredlingsverksemder.

Sett inn: Figur som viser verdiskaping for ulike produksjonar i Samnanger (%)

2.2.1 Utvikling i jordbruksforetak og jordbruksareal

Utviklinga i Samnanger følgjer same hovudtrend som i jordbruket elles i landet: færre aktive føretak, større driftseiningar og meir jord per aktiv brukar. Sidan etterkrigstida har det vore ei sterk utvikling i landbruket mot færre og større bruk. I 1970 var det 155 000 gardsbruk i Noreg. I 2024 var det under 37 000. Denne utviklinga vert omtala som strukturrasjonalisering, og bruka i Samnanger kommune har følgt same utviklingsmønster som landet elles.

Samnanger kommune er ein beitedyrkommune, og det aller meste av den dyrka jorda vert nytta til produksjon av grovfôr til husdyr, og til beite for husdyra. Grovfôrproduksjon har lenge vore den største produksjonen, men både denne og andre produksjonar har hatt ein nedgang sidan år 2000.

Utviklinga varierer mellom produksjonane. Talet på søkjarar med mjølkekyr om hausten gjekk ned frå 12 i 1995 til fire i 2025. Talet på søkjarar med innmarksbeite gjekk frå 50 til 32 i same periode. Desse tala viser endringar innan kvar produksjon, ikkje utviklinga i det samla talet på aktive gardsbruk.

Samnanger har 4 913 dekar registrert jordbruksareal. Av dette er 1 944 dekar fulldyrka jord, 1 166 dekar overflatedyrka jord og 1 803 dekar innmarksbeite. Arealressurskartet viser arealtypane, medan produksjonstilskotsstatistikken viser areal som føretaka søkjer tilskot for. Storleiken på desse areala er forskjellige, då ikkje alt produktivt areal i drift vert søkt tilskot for, og ein del produktivt areal ikkje er i drift.

Det omsøkte innmarksbeitearealet auka frå 814 dekar i 2000 til 1 127 dekar i 2025, ein auke på om lag 38 prosent. Talet på søkjarar gjekk samstundes ned frå 42 til 32. Gjennomsnittleg omsøkt innmarksbeite per søkjar auka dermed frå om lag 19 til 35 dekar.

Dette er ei av dei største utfordringane for jordbruket i Samnanger. Når færre føretak skal halde oppe større areal, aukar risikoen for at små, bratte, tungdrivne eller dårleg arronderte teigar går ut av drift. Samstundes er desse areala viktige for landskap, biologisk mangfald, beitebruk, beredskap og lokal matproduksjon. Å halde jordbruksareal i aktiv drift må difor vere ei hovudprioritering i landbruksplanen. Små og spreidde teigar og krevjande terreng gjer samarbeid om jord, beite, maskinar og transport viktig. God tilgang til areal nær driftsbygningane kan redusere kostnader og arbeidsbelastning.

Utvikling i innmarksbeiteareal det vert søkt tilskot for i Samnanger:

År	Innmarksbeite (daa)	Søkjarar
2000	814	42
2016	1 078	29
2023	1 045	30
2024	1 082	33
2025	1 127	32

Kjelde: produksjonstilskotsstatistikk, samanstilt av landbrukskontoret. Areal i dekar. Søkjarane kan også drive andre produksjonar.

Sauehald er den største husdyrproduksjonen målt i registrerte dyr. Mjølkekyr og ammekyr har òg ein viktig funksjon i utnyttinga av gras- og beiteressursane.

2.2.2 Mjølkeproduksjon

Mjølkeproduksjonen har tradisjonelt vore ei av dei viktigaste berebjelkane i jordbruket i Samnanger. Produksjonen er arealkrevjande og bidreg til å halde store eng- og beiteareal i drift. Samstundes gir mjølkeproduksjonen grunnlag for heilårsarbeid på garden, investeringar, busetjing og ringverknader til andre delar av lokalsamfunnet.

I 2025 vart det levert 426 853 liter kumjølk frå Samnanger, mot 407 428 liter i 2016. Det er ein auke på om lag 4,8 prosent. Leveransane har variert gjennom perioden, med 487 119 liter i 2021 og 347 350 liter i 2024. Frå 2024 til 2025 auka leveransane med om lag 22,9 prosent.

År	Levert kumjølk (liter)
2016	407 428
2020	447 081
2023	361 545
2024	347 350
2025	426 853

Kjelde: Landbruksdirektoratet, råvarestatistikk, samanstilt av landbrukskontoret. Levert kumjølk i liter.

Talet på mjølkeprodusentar har gått ned over tid. Talet på søkjarar med mjølkekyr om hausten gjekk frå 12 i 1995 til fem i 2016 og fire i 2025. I 2024 var det tre søkjarar. Talet på mjølkekyr om hausten auka frå 54 i 2016 til 70 i 2025. Våren 2026 var det registrert fire søkjarar med 73 mjølkekyr, mot tre søkjarar med 48 mjølkekyr våren 2025. Vår- og haustregistreringane viser dyrehaldet på ulike tidspunkt og skal ikkje summerast.

Kravet om lausdrift innan 2034 vil krevje store investeringar på bruk som framleis har båsfjøs. Det kan føre til at nokre produsentar sluttar, medan andre investerer og aukar produksjonen. For kommunen er det viktig å følgje denne utviklinga tett, fordi mjølkeproduksjonen er avgjerande for å halde grovfôrareal i drift, for lokal matproduksjon og for busetjing på gardsbruka.

I eldre registreringar var det mjølkegeithald i Samnanger, med éin søkjar og 59 mjølkegeiter tilbake i 2000. I 2016 var det registrert null mjølkegeiter.

2.2.3 Kjøtproduksjon

Kjøtproduksjonen i Samnanger er i hovudsak knytt til storfe, ammeku og kjøtfe og sau/lam. Produksjonen er viktig for å nytte gras- og beiteressursane, halde kulturlandskapet ope og sikre aktivitet på bruk som ikkje har mjølkeproduksjon.

Storfe og ammeku

Levert storfekjøt auka frå 9,8 tonn i 2016 til 13,8 tonn i 2025, ein auke på om lag 40,8 prosent. Volumet er lite, og endringar i slaktetidspunkt og dyrehald på få bruk kan gi tydelege utslag mellom år.

År	Levert storfekjøt (tonn)
2016	9,8
2020	10,5
2023	12,0
2024	12,6
2025	13,8

Kjelde: samanstilt produksjonsstatistikk frå landbrukskontoret. Levert storfekjøt i tonn.

Hausten 2025 var det registrert to søkjarar med til saman 12 ammekyr og fem søkjarar med 108 andre storfe. I 2016 var det registrert null ammekyr og 83 andre storfe om hausten. Våren 2026 var det registrert to søkjarar med 10 ammekyr og fem med 85 andre storfe. Ammekyr av minst 50 prosent kjøtferase inngår i talet på ammekyr og skal ikkje teljast ein gong til.

Ammeku- og kjøtfeproduksjon kan vere ein god måte å halde areal i drift på, særleg på bruk der mjølkeproduksjon ikkje lenger er aktuell. Samstundes krev produksjonen gode beiteløysingar, nok vinterfôr, god dyrevelferd og økonomi som gjer det mogleg å investere i bygg og gjerde.

Sau og lam

Våren 2025 var det 27 søkjarar med til saman 628 søyer, fødde året før eller tidlegare. I tillegg var det registrert 53 vêrar hos 23 søkjarar. Våren 2026 var det 32 søkjarar med 652 søyer og 27 søkjarar med 53 vêrar. Dette er ein auke på 24 søyer frå våren 2025. Talet på søyer var 625 våren 2017 og 686 våren 2021.

Levert småfekjøt var 12,4 tonn i 2025, det same som i 2024. I 2016 var leveransane 12,6 tonn. Nedgangen mellom 2016 og 2025 var dermed om lag 1,6 prosent. Gjennom perioden har leveransane variert frå 12,1 tonn i 2023 til 14,9 tonn i 2018.

År	Levert småfekjøt (tonn)
2016	12,6
2020	14,2
2023	12,1
2024	12,4
2025	12,4

Kjelde: samanstilt produksjonsstatistikk frå landbrukskontoret. Kategorien småfe er vidare enn sau og lam.

Sauehaldet har stor verdi utover sjølve kjøtproduksjonen. Beitedyra held landskapet ope, reduserer attgroing, tek vare på kulturmark og gjer det mogleg å produsere mat på areal som ikkje kan nyttast til åker- eller grønsaksproduksjon. Utfordringane er mellom anna rovdyr, sjukdom, tap på beite, gjerdehald, tilgang på leigejord og nok arbeidskraft i sanking og tilsyn.

2.2.4 Økologisk landbruk

I 2024 var det registrert éin søkjar med økologisk sau og éin innan økologisk frukt og grønsaker i Samnanger. I 2025 var talet null i begge kategoriane. Det var også registrert null søkjarar med økologisk storfe i 2025.

Tala gjeld dei enkelte produksjonskategoriane og seier ikkje i seg sjølve kor mange unike føretak som driv økologisk. Manglande registrering i ein kategori er heller ikkje eit fullstendig oversyn over all småskala produksjon eller alle økologiske aktivitetar i kommunen.

Økologisk produksjon er særleg relevant der det finst marknad for produktet, eller der drifta passar godt med lokale ressursar og driftsopplegg. For mindre produsentar kan økologisk profil òg vere del av ein strategi for lokalmat eller direktesal. Samstundes krev økologisk drift god agronomi, god plantekultur, tilpassa gjødsling, marknadstilgang og gjerne samarbeid mellom produsentar.

2.2.5 Planteproduksjon

Planteproduksjonen er i hovudsak knytt til gras og grovfôr. Potet, frukt, bær og grønsaker kan vere aktuelle supplement der jord, klima, arbeidskraft og marknad ligg til rette. Slike produksjonar kan gi grunnlag for lokalmat, direktesal og større mangfald i jordbruket.

Produksjonstilskotsstatistikken fangar ikkje nødvendigvis opp all småskala produksjon. Ei lokal kartlegging av produsentar og salskanalar kan gi eit betre grunnlag for å utvikle marknadshagar, gardsutsal og andre former for direkte omsetning.

Planteproduksjon til mat kan styrkje lokal matberedskap. I Samnanger vil dette vere eit supplement til grovfôrbasert husdyrhald. Aktuelle areal må vurderast ut frå dyrkingseigenskapar, lokalklima og omsynet til eksisterande drift.

2.2.6 Grovfôr og fôrressursar

Grovfôrproduksjonen er grunnlaget for store delar av jordbruket i kommunen. Fulldyrka eng, overflatedyrka eng, innmarksbeite og utmarksbeite gir grunnlag for mjølk, storfekjøt, sauehald og geitehald. God utnytting av grovfôrressursane er difor avgjerande både for økonomi, klima, beredskap og ressursutnytting.

I 2025 var det registrert tre søkjarar med sal av til saman ca. 242 tonn grovfôr i Samnanger. I 2024 var det to søkjarar og ca. 86 tonn, og i 2023 to søkjarar og 9 000 kg. Tala omfattar høy, surfôr og høyensilasje. Mengdene er oppgjevne i tonn/kg vare, ikkje kg tørrstoff, og kan difor ikkje samanliknast direkte som fôrmengd utan opplysningar om fôrslag og tørrstoffinnhald.

Salet varierer mykje mellom år og omfattar få søkjarar. Tala åleine gir difor ikkje grunnlag for å slå fast eit varig fôroverskot. God drenering, jordstruktur, gjødsling og hausteteknikk kan styrkje lokal fôrproduksjon og redusere sårbarheita ved avlingssvikt.

2.2.7 Birøkt

I 2025 var det éin søkjar med 27 bifolk i Samnanger. I 2024 var det to søkjarar med 29 bifolk. Talet på registrerte bifolk auka frå 25 i 2020 til 34 i 2023, før det gjekk ned til 27 i 2025.

År	Søkjarar	Bifolk
2021	1	26
2022	2	33
2023	2	34
2024	2	29
2025	1	27

Kjelde: produksjonstilskotsstatistikk, samanstilt av landbrukskontoret. Tala omfattar registrerte søkjarar og bifolk.

Birøkt er ein liten produksjon og kan vere ei tilleggsnæring for mindre bruk. Honningproduksjon kan kombinerast med lokalmat, gardsbesøk og undervisning. Omsynet til pollinerande insekt er òg relevant i skjøtsel av kulturlandskapet.

2.2.8 Bruk av beite og utmark

Samnanger er ein beitedyrkommune. Beitebruken er avgjerande for å nytte ressursgrunnlaget, halde kulturlandskapet ope og produsere mat på areal som elles ikkje kan brukast til anna jordbruksproduksjon. Både innmarksbeite og utmarksbeite er viktige.

I 2025 vart det søkt tilskot for 1 127 dekar innmarksbeite av 32 søkjarar i Samnanger. I 2024 var tala 1 082 dekar og 33 søkjarar. Frå 2016 til 2025 auka innmarksbeite det søkast produksjonstilskot for med 49 dekar, eller om lag 4,5 prosent.

Registreringane for utmarksbeite i 2025 viser følgjande tal:

- 49 mjølkekyr og ammekyr på utmarksbeite, hos fire søkjarar
- 57 andre storfe på utmarksbeite, hos fem søkjarar
- 556 vaksne sauer sleppte og 548 sanka
- 661 lam sleppte og 630 sanka

Til saman vart det registrert 1 217 sauer og lam sleppte og 1 178 sanka i 2025. Differansen var 39 dyr, tilsvarande 3,2 prosent av dei sleppte dyra. Differansen dokumenterer ikkje årsakene til at dyr ikkje vart registrerte som sanka. I 2016 var det registrert 1 321 sauer og lam sleppte på utmarksbeite. Talet gjekk dermed ned med om lag 7,9 prosent fram til 2025. Kjelde: produksjonstilskotsstatistikk, samanstilt av landbrukskontoret.

Beitebruken er viktig av fleire grunnar:

- han gir matproduksjon basert på lokale ressursar
- han held kulturlandskapet ope
- han reduserer attgroing
- han bidreg til biologisk mangfald i kulturmark
- han styrkjer grunnlaget for lokal kjøtproduksjon
- han gir aktivitet i utmarka

Samtidig er beitebruk krevjande. Lange gjerdeliner, mykje leigejord, ferdsel, hundar, vilt, attgroing, manglande sankeanlegg og høgt tidsbruk kan gjere det vanskeleg å nytte beiteressursane godt nok. Satsing på nytt utstyr for elektronisk gjerding kan vere med å styrke beitebruken.

2.3 Verktøy for arealplanlegging og jordvern

Godt jordvern føreset at kommunen har kunnskap både om kva jordbruksareal som er bygd ned, kva areal som er under press, og kva område som er særleg viktige å ta vare på. Bjørnafjorden landbrukskontor har difor utvikla fleire verktøy som kan nyttast i arealplanleggingа, mellom anna arealrekneskap, jordvernindeks og kjerneområde landbruk.

Arealrekneskapen viser utviklinga i jordbruksarealet over tid og gjer det mogleg å følgje omfang og lokalisering av nedbygging. Kommunen sin arealrekneskap byggjer i hovudsak på endringar i arealressurskartet AR5.

Jordvernindeksen er utvikla av landbrukskontoret for å synleggjere presset på jordbruksareal rundt tettstader og nærsentra. Indeksen kombinerer historisk nedbygging av dyrka jord, folketalsutvikling og planlagt nedbygging. NIBIO vurderer historisk nedbygging som eit godt og lett forståeleg mål og meiner samanlikninga mellom dei ulike tettstadene og kommunen samla gir eit tydeleg bilete av situasjonen. Samstundes tilrår NIBIO vidare utvikling av indeksen, mellom anna ved å skilje tydelegare mellom historisk nedbygging og framtidig planreserve, og ved å vidareutvikle vektinga av dei ulike faktorane.

Kjerneområde landbruk supplerer desse verktøya ved å peike ut område som har særleg verdi for matproduksjon, drift og kulturlandskap. Saman kan arealrekneskap, jordvernindeks og kjerneområde landbruk gi eit betre grunnlag for prioriteringar i kommuneplanen, reguleringsplanar og enkeltsaker. Verktøya erstattar ikkje konkrete faglege vurderingar, men gjer det enklare å sjå utvikling over tid, identifisere konfliktområde tidleg og vurdere konsekvensane av ulike arealval.

2.3.1 Jordbruksareal ute av drift

Jordbruksareal ute av drift er ei av dei mest sentrale utfordringane i kommunen. Det gjeld både areal som ikkje vert slått eller beita, areal som gradvis gror att, og areal som ikkje lenger er del av aktiv jordbruksdrift sjølv om det formelt er jordbruksareal.

I Samnanger er det registrert totalt 4913 dekar jordbruksareal (1944 fulldyrka, 1166 overflatedyrka og 1803 innmarksbeite). I 2025 ble det utbetalt produksjonstilkot for totalt 3010 dekar (høvesvis 1359, 433 og 1218 dekar). Det vil sei at det er utbetalt produksjonstilskot på ca. 60 prosent av jordbruksareala i Samanger i 2025, og at potensielt ca. 40 prosent er ute av drift. Ein god del av dette kan forklarast med at areal drivast på hobbybasis, ein har gløymt å søkja eller eigar ikkje er kvalifisert for å motta tilskot. Uansett er det ein betydeleg andel av det dyrka arealet som ikkje drivast.

Ei reell kartlegging av areal ute av drift må omfatte både eigedomar med aktiv drift og eigedomar der det ikkje vert søkt produksjonstilskot. Arealregistreringar må følgjast opp med lokal kunnskap om slått, beiting og faktisk bruk.

Å ta meir jord i bruk att er viktig for fleire av måla i landbruksplanen:

- betre ressursutnytting
- styrkt matproduksjon og beredskap
- redusert attgroing
- betre grunnlag for beitebruk
- styrkt kulturlandskap og naturmangfald

2.3.2 Jordbruksareal nær tettstader

Jordbruksareal nær tettstader og bustadområde kan vere utsette for utbyggingspress, samstundes som dei har verdi for matproduksjon, landskap og nærfriluftsliv. Ei lokal vurdering av desse areala bør inngå i grunnlaget for arealplanlegginga i Samnanger.

2.3.3 Nedbygging av jordbruksareal

Arealrekneskapen til Bjørnafjorden landbrukskontor viser ei årleg nedbygging på om lag 6-7 dekar, og ei nedbygging av jordbruksareal på totalt om lag 70 dekar i perioden 2012 til 2025. NIBIO si kvalitetssikring viser at metoden er konservativ og kan underestimere noko av nedbygginga.

2.3.4 Massehandtering og nydyrking

Moglege areal for nydyrking og jordflytting må vurderast særskilt i Samnanger. Jordflytting skal ikkje erstatte arbeidet med å unngå inngrep i dyrka jord. Tiltaka må vurderast ut frå jordkvalitet, terreng, naturverdiar, vassmiljø og høve til framtidig drift.

Jordflytting kan vere eit kompenserande tiltak når dyrka jord ikkje kan bevarast, men skal vere siste utveg i tråd med tiltakshierarkiet. Ein skal først søkje å unngå og deretter avgrense inngrep i dyrka jord. Nydyrking i seg sjølv kan ikkje reknast som kompensasjon for nedbygd dyrka jord. Reell kompensasjon føreset at jord vert flytta til areal som elles ikkje ville vore eigna for oppdyrking.

Dette teamet vil bli sett nærmare på i ny Jordvernstrategi for kommunen, som er under arbeid.

2.3.5 Samla vurdering

Samnanger har få mjølkeprodusentar, men leveransane av kumjølk var høgare i 2025 enn i 2016. Levert storfekjøt auka i same periode, medan levert småfekjøt var om lag uendra. Omsøkt innmarksbeite auka noko, medan talet på sauer og lam sleppte på utmarksbeite gjekk ned. Våren 2026 viser fleire søkjarar med søyer enn våren 2025. Utviklinga er difor samansett. Når produksjonane omfattar få føretak, kan endringar på enkelte bruk få stor verknad for samla aktivitet.

Dei viktigaste utfordringane og utviklingsbehova framover er:

- å halde jordbruksareal i drift
- å sikre rekruttering og generasjonsskifte
- å støtte opp under investeringar i mjølk og husdyrhald
- å utnytte beite- og grovfôrressursane betre
- å ta vare på kulturlandskap og naturmangfald
- å utvikle lokalmat, småskalaproduksjon og tilleggsnæringar
- å styrkje jordbruket si rolle i beredskap og sjølvforsyning

Ei positiv utvikling i jordbruket vil støtte opp under dei fire delmåla i planen: betre ressursutnytting, betre beredskap, sikre busetjing og leggje til rette for tilleggsnæringar og lokal foredling.

2.4 Skogbruk

I Samnanger kommune er det om lag 100 536 dekar skog, noko som utgjer 37 prosent av det totale arealet i kommunen.

Av dette er 65 678 dekar produktiv skog, det vil seie skog som har ein årleg tilvekst på meir enn 0,1 kubikkmeter per dekar.

Furudominert skog utgjer 44 % av det produktive skogarealet i Samnanger kommune. Grandominert skog utgjer 4 % av arealet og 21 % av det totale tømmervolumet.

Det er 224 landbrukseigedommar med over 10 dekar skog, i kommunen.

Nøkkeltal for skogbruket

Område	Nøkkeltal	Verdi
Skogressursar	Totalt skogareal	100 536 daa
	Del av kommunearealet	37 %
	Produktivt skogareal	65 678 daa
	Furudominert produktiv skog	44 %
	Grandominert produktiv skog	4 %
	Granandel av ståande tømmervolum	14 %
Avverking	Gjennomsnittleg årleg hogst	2 144 m^3
	Dominerande hogstmetode	Flatehogst
Skogkultur 2010–2025	Hogd areal	685 daa
	Planta areal	501 daa
	Planteareal i høve til hogstareal	73,1 %
	Ungskogpleie	228 daa
Tilskot 2010–2025	NMSK – skogkultur	953 361 kr
	LUF – skogsvegar og drift i vanskeleg terreng	776 630 kr
	Samla utbetalte tilskot	**1 729 991 kr**

2.4.1 Avverking

Den gjennomsnittlege årlege hogsten i Samnanger kommune er om lag 2 144 kubikkmeter. Mengda varierer frå år til år, og tømmerprisane har stor innverknad på aktivitetsnivået.

Det er relativt liten hogstaktivitet i Samnanger kommune, ettersom granskogen ofte ligg i bratt terreng, og det er fleire flaskehalsar som gjer transport av tømmer vanskeleg og dyr.

Hovuddelen av hogsten skjer i granskog, medan andre treslag utgjer ein klart mindre del av volumet.

I praksis er flatehogst den dominerande hogstmetoden som blir nytta i kommunen.

2.4.2 Forynging og skogreising

Forynging etter hogst er avgjerande for framtidig skogproduksjon og eit ansvar overfor komande generasjonar. Dette er ikkje berre ei lovpålagt plikt, men òg ein føresetnad for berekraftig forvaltning av skogressursane.

I perioden 2010–2025 vart det planta om lag 501 dekar, medan det vart hogge 685 dekar. Dette gir ein foryngingsprosent på om lag 73 %, noko som er eit relativt høgt nivå og det beste resultatet blant dei tre kommunane.

Klimaendringar gjer det naudsynt å etablere skog med treslag tilpassa framtidige forhold. Skogreising på areal som går ut av jordbruksdrift kan gi både økonomiske og klimamessige gevinstar.

2.4.3 Ungskogpleie

Ungskogpleie omfattar tiltak for å styre utviklinga av ung skog slik at rett treslag og tettleik vert sikra. Tiltaka omfattar både tidleg regulering av treslag og seinare uttak av svake eller overtalige tre.

God ungskogpleie er viktig for framtidig produksjon, kvalitet og stabilitet. Rettleiing og samarbeid mellom skogeigarar kan gjere det lettare å gjennomføre tiltak på små og spreidde areal.

I årene 2010-2025 var gjennomført 228 dekar ungskogpleie.

2.4.4 NMSK-tilskot

Det kan givast tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, og kommunen har ansvaret for tildeling av desse midlane. Hovudfokuset i ordninga er planting og ungskogpleie. I perioden 2010–2025 blei det utbetalt om lag 953 361 kroner til skogkultur i Samnanger kommune.

For å sikre best mogleg utnytting av midlane og for å stimulere til utvikling av meir variert og stabil skog, er det utarbeidd nye retningslinjer for tildeling av NMSK-midlar. Retningslinjene legg særleg vekt på mindre hogstflater, bruk av ulike treslag og høgare tilskot til arbeid i krevjande terreng, der ressursbehovet er større.

Sett inn stolpediagram som viser utbetalt tilskot.

2.4.5 Landbruksvegar

Skogvegane er viktige for rasjonell drift og tilgang til skogressursane. Behov for nye vegar og oppgradering av eksisterande vegnett må vurderast saman med hogstgrunnlag, terreng, miljøomsyn og kostnader.

Vegnettet har òg ein viktig beredskapsfunksjon ved brann, storm og flaum, og kan inngå som alternativ infrastruktur i krisesituasjonar. Planlegging av skogvegar bør difor sjåast i samanheng med kommunen si overordna infrastruktur- og beredskapsplanlegging.

Vegbygging kan gjennomførast skånsamt, men finansieringa er ei utfordring. Tilskotsmidlane er avgrensa, og det er naudsynt å prioritere område med stort hogstpotensial og høg risiko for å sikre best mogleg ressursutnytting.

LUF- tilskot

LUF-ordninga (Landbrukets utviklingsfond) er ei statleg tilskotsordning som skal fremje utvikling, verdiskaping og berekraftig ressursforvaltning i landbruket. Innan skogbruket vert LUF-midlar mellom anna nytta til bygging og ombygging av skogsvegar, skogsdrift i vanskeleg terreng og andre tiltak som skal styrkje skogbruket.

I perioden 2010–2025 vart det utbetalt totalt 776 630 kroner i LUF-tilskot til vegbygging og skogsdrift i vanskeleg terreng i Samnanger kommune. Dette er eit relativt lågt beløp, og det er venta at behovet for investeringar i skogsvegar og andre tiltak som legg til rette for skogsdrift vil auke i åra framover.

2.4.6 Taubanedrift

Fleire bestandar ligg i bratt terreng og er hogstmodne. I slike område er taubanedrift ofte den einaste forsvarlege driftsforma.

Taubanedrift kan gjere det mogleg å nytte skogressursar der terrenget gjer ordinær maskindrift lite eigna. Kommunen kan gi tilskot til drift i vanskeleg terreng. Det er utarbeidd overordna retningslinjer for skogbrukstiltak som opnar for støtte til taubanedrift der driftsforholda krev det. Samarbeid om planlegging, entreprenørkapasitet og finansiering vil ofte vere avgjerande for gjennomføring.

2.4.7 Skogen si rolle i karbonfangst

Skogen spelar ei sentral rolle i klimaarbeidet ved å ta opp CO_2 og binde karbon i biomasse og jord. Forynging etter hogst er avgjerande for å sikre vidare karbonopptak. Skogplanting og skogreising er blant dei mest kostnadseffektive klimatiltaka.

Auka skogareal gir større karbonlager, men evna til lagring varierer mellom treslag og driftsformer. Val av tilpassa og stabile treslag er difor viktig for langsiktig karbonbinding.

Vindfall som ikkje vert rydda, fører over tid til utslepp av karbon.

2.4.8 Skog som strategisk ressurs

Skogen er ein grunnleggjande beredskapsressurs i både krig og andre kriser. Han gir tilgang på energi, materialar og livsviktige råstoff når andre system sviktar, og bidreg til tryggleik og sjølvforsyning i samfunnet. Som kommune har vi òg eit ansvar for å sikre at det finst lett

tilgjengeleg skog som kan forsyne innbyggjarane med naudsynte skogprodukt som tømmer, ved og annan bioenergi dersom situasjonen krev det.

2.4.9 Skogbruksplan og miljøregistrering i skog (MiS)

Skogbruksplanen er det viktigaste styringsverktøyet for langsiktig og berekraftig forvaltning av skogressursane. Planen gir oversikt over ressursgrunnlaget og tilrår tiltak som planting, ungskogpleie, tynning og hogst.

Oppdaterte skogbruksplanar og miljøregistreringar gir grunnlag for å prioritere drift og skjøtsel på den enkelte eigedomen. Samordna planlegging kan vere særleg nyttig der eigedomane er små og drifta er avhengig av felles vegløysingar.

Skogbruksplanen omfattar også Miljøregistrering i skog (MiS), som identifiserer område med særleg miljøverdi. MiS gir eit viktig kunnskapsgrunnlag for å sikre at miljøomsyn vert ivaretekne i tråd med naturmangfaldlova og PEFC-krava.

2.4.10 Hogstformer og berekraftig skogbruk

Det finst fleire hogstformer som kan nyttast i skogdrift. Flatehogst er den mest brukte metoden i kommunen, og per i dag er det ikkje registrert bruk av lukka hogst som hogstform. Store hogstflater skaper fleire utfordringar, medan andre hogstformer kan vere meir aktuelle i lys av dagens utfordringar knytte til manglande forynging, stabilitet i skogen og val av treslag som er tilpassa lokale forhold.

Det er vanskeleg å gje ei eintydig definisjon av kva berekraftig skogbruk betyr, men hovudprinsippet er at skogen skal gi ressursar, verdiar og tenester både i dag og for framtidige generasjonar.

Ambisjonen vår bør vere å overlate skogen – og skogbruket – til dei neste generasjonane i betre stand enn i dag.

2.4.11 Kompetanseheving og fellesforvaltning

Mange skogeigedomar er små, og kunnskapsnivå og interesse for aktiv drift varierer. Det er difor behov for målretta kompetanseheving, særleg innan bruk av digitale verktøy for kart, planlegging og søknader. Auka digital kompetanse frigjer tid til synfaring og fagleg oppfølging i felt, som gir betre grunnlag for riktige tiltak.

Kommunen har ansvar for skogforvaltning, skoghelse og fordeling av NMSK-midlar. For å løyse oppgåvene effektivt må vi utvikle enkle, føreseielege og digitale løysingar som styrkjer både skogeigarane og forvaltninga.

2.4.12 Viktigaste mål for skogbruket i kommunen

- Sikre forynging etter hogst
- Auke omfanget av ungskogpleie
- Utvikle variert og stabil skog
- Effektiv og berekraftig bruk av NMSK-midlar
- Betre skoghelse og klimatilpassing
- Styrke beredskap og samfunnstryggleik
- Forbetre skogvegnett


- Styrke skogeigarane si kompetanse
- Berekraftig drift av skogen

2.5 Vilt- og utmarksforvaltning

Utmarka utgjer ein stor del av arealressursane i Samnanger og har stor verdi for landbruk, naturmangfald, jakt og friluftsliv. Ho er ein viktig ressurs for beite og fôrproduksjon, samstundes som jakt og anna hausting av utmarksressursane gir både økonomiske verdiar og grunnlag for aktivitet i bygdene. Ei langsiktig forvaltning av utmarka må difor sjå landbruksdrift, viltforvaltning, naturverdiar og andre samfunnsinteresser i samanheng.

2.5.1 Hjort

Hjorten er ein viktig utmarksressurs i kommunen og gir grunnlag for jakt, naturopplevingar, matproduksjon og næringsutvikling. Samstundes har kommunen over lang tid hatt ein høg hjortetettleik, som førar med seg utfordringar for landbruk og andre samfunnsinteresser. Den kommunale hjorteviltstrategien for 2023–2033 legg til grunn at bestanden skal reduserast og tilpassast beitegrunnlaget og andre samfunnsinteresser.



Figur 3: Felt hjort i Samnanger kommune, fordelt på kjønn og aldersgrupper.

For landbruket fører ein høg hjortebestand til omfattande beiteskadar på eng, redusert avling og fôrkvalitet, skadar på rundballar og betydelege skadar på skog og skogforynging. Hjorteviltforvaltninga er difor også ein viktig del av arbeidet med å sikre grunnlaget for økonomisk drivverdig jord- og skogbruk.

Kommunen har ei sentral rolle i hjorteviltforvaltninga gjennom godkjenning av vald og bestandsplanar, fastsetjing av minsteareal og fellingskvotar og oppfølging av bestandsutviklinga. Forvaltninga skal byggje på kunnskap om bestanden og utviklinga over tid, og bidra til ein hjortebestand med god kondisjon og ei meir balansert alders- og kjønnssamansetjing.

Fellingstala viser at jaktuttaket har auka vesentleg over tid. Tal felte dyr åleine gir likevel ikkje eit fullstendig bilete av bestandsutviklinga. Utviklinga må vurderast saman med mellom anna sett-hjort-data, fellingsprosent og utvikling i skadepress på jord- og skogbruk.

2.6 Utmarksbeite

Utmarksbeitet er ein viktig del av ressursgrunnlaget for husdyrhaldet og gir tilgang til store fôrressursar som elles i liten grad kan nyttast til matproduksjon. Beiting bidreg samstundes til å halde kulturlandskapet ope og kan vere viktig for å ta vare på naturtypar og biologisk mangfald som er avhengige av skjøtsel.

Færre beitedyr og endringar i driftsstruktur har fleire stader ført til redusert beitebruk og aukande attgroing. God organisering av beitebruken, fungerande gjerde, samarbeid gjennom beitelag og bruk av ny teknologi for tilsyn og overvaking kan bidra til å gjere utmarksbeitet meir tilgjengeleg og redusere arbeidsbelastninga for den enkelte brukar.

For Samnanger er det viktig å leggje til rette for at utmarksressursane framleis kan nyttast aktivt i landbruket. Viltforvaltning, utmarksbeite, kulturlandskap og naturmangfald må sjåast i samanheng, slik at forvaltninga både tek vare på naturgrunnlaget og gir føreseielege rammer for aktiv jord- og skogbruksdrift.

2.7 Tilleggsnæring og nye næringar

Landbruket i Samnanger handlar ikkje berre om tradisjonell matproduksjon. Garden er òg ein stad for entreprenørskap, vidareforedling, tenesteyting, opplevingar og grøn verdiskaping. For mange bruk vil tilleggsnæringar vere avgjerande for å sikre samla inntekt, rekruttering og vidare drift. Samstundes kan slike næringar gi fleire arbeidsplassar, auka lokal verdiskaping og meir aktivitet i bygdene. Hos mange av desse produsentane er ofte areala knappe og kan være små for konvensjonell drift med sal gjennom Tine, Nortura osv. Mange har og hovudverksemda knytt til konvensjonell produksjon og sal, men har mindre nisjeproduksjon som ei tilleggsnæring. Dei fleste bøndene i våre kommunar driv på små gardar som er avgrensa av garden sitt eige produksjonsareal.

Samnanger har fleire føremoner som gir gode vilkår for å utvikle slike næringar vidare. Kommunen ligg nær ein stor marknad i Bergensområdet, har korte avstandar til mange kundar, eit aktivt kulturlandskap, store skog- og utmarksressursar, rike tradisjonar for matproduksjon og gode moglegheiter for samspel mellom landbruk, reiseliv, kultur og folkehelse. Samfunnsdelen peikar òg tydeleg på at kommunen skal stimulere til fleire småskalaprodusentar, meir lokal handel, vidareforedling og utvikling av omsorgstenester og turisme knytt til gardsbruka.

2.7.1 Kva har vi i dag?

Døme på tilleggsnæring og ny næringsaktivitet knytt til landbruket i Samnanger, eller som det er naturleg å byggje vidare på, er:

- lokalmat og direktesal, mellom anna gjennom REKO-ring, gardsutsal og sal av foredla eller uforedla råvarer
- vidareforedling av kjøt, mjølk, frukt, bær, honning og andre råvarer i liten skala
- garden som arena for opplevingar og reiseliv, til dømes gardsovernatting, servering, aktivitetar, arrangement, jakt og fiske

- «Inn på tunet» og andre velferds- og meistringstilbod på gard
- bruk av skog- og utmarksressursar til sagtømmer, ved, flis, spesialvirke, juletre, pyntegrønt og andre produkt
- ulike former for tenesteyting med utgangspunkt i garden sine ressursar, bygningar, maskinar og kompetanse

Det er òg grunn til å tru at fleire bruk har potensial til å utvikle slike aktivitetar vidare dersom rammevilkåra, marknadstilgangen og rettleiinga vert betre. Regionale planar peikar på at mange bruk i Vestland alt har utvikla seg gjennom tilleggsnæringar som utleige, reiseliv, servering, gaiding, utmarksnæringar og «Inn på tunet».

2.7.2 Kva bør vi satse på?

Samnanger bør prioritere dei tilleggsnæringane som byggjer på lokale ressursar, styrkjer hovuddrifta og gir mest mogleg lokal verdiskaping.

For fleire gardsbruk er tilleggsnæring ei viktig eller avgjerande inntektskjelde for å sikre vidare drift og utnytting av landbruksressursane på garden. Særleg aktuelle satsingsområde er:

Lokalmat og lokal foredling

Etterspurnaden etter lokal mat med tydeleg opphav, kvalitet og historie er aukande, og nye salskanalar som REKO-ring, Bondens marknad, gards- og nettbutikkar og abonnementsløysingar gjer det lettare å nå kundane direkte . I Samnanger, med det ressursgrunnlaget som er her, er det gode føresetnader for småskala foredling av mjølk, kjøt, frukt, bær, grønsaker, honning og drikkeprodukt. Her ligg det moglegheiter både for høgare verdiskaping per eining, meir synlege lokale produkt og tettare kopling mellom produsent og forbrukar. Kommunen bør òg sjølv vere ein meir aktiv kunde der det er mogleg, til dømes ved bruk av lokalmat i kantiner, institusjonar og arrangement.

Landbruksturisme og opplevingar

I Samnanger har vi natur- og kulturlandskap, fjord, skog og bygdemiljø som eignar seg godt for opplevingsbaserte tilleggsnæringar. Garden kan vere arena for overnatting, servering, kurs, gardsbesøk, jakt- og fiskeopplevingar, aktivitetar for familiar og formidling av matkultur. Særleg interessant er koplinga mellom lokalmat, kultur og naturbaserte opplevingar, noko som også er løfta fram regionalt som eit område med stort verdiskapingspotensial. For Samnanger bør slike tilbod byggjast opp rundt det som alt finst av ressursar og besøksmål, heller enn som lausrivne prosjekt.

«Inn på tunet» og andre velferdstenester

Garden kan vere ein viktig arena for læring, meistring, inkludering og helse. «Inn på tunet», arbeidstrening, dagtilbod og andre velferdstenester kan gi stabile inntekter for gardsbruk, samstundes som dei løyser viktige samfunnsoppgåver. Dette heng godt saman med samfunnsdelen sitt mål om å stimulere til omsorgstenester knytt til gardsbruk . Her ligg det eit potensial for tettare samarbeid mellom landbruket og kommunen sine einingar innan oppvekst, helse, velferd og NAV.

Skog, bioenergi og betre ressursutnytting

I ein skogkommune som Samnanger bør også skogressursane nyttast enda betre. Det gjeld både tradisjonelle produkt som ved, flis og spesialvirke, og nyare løysingar innan bioenergi og sirkulær bruk av ressursar. Regionale føringar peikar på at det er eit stort potensial i å nytte meir trevirke og husdyrgjødsel til energiproduksjon og grøn verdiskaping . For Samnanger kan dette, mellom anna, handle om småskala bioenergiløysingar, bruk av flis lokalt, betre utnytting av sidestraumar og kopling mellom skogbruk, klimaomstilling og næringsutvikling.

Bygging av landbruksvegar kan føre til viktige synergiar opp mot andre samfunnsinteresser – friluftsliv, turisme og beredskap.

Andre nisjar med lokalt potensial

I tillegg bør kommunen vere open for mindre, men interessante nisjar: birøkt, marknadshagar, juletre og pyntegrønt, bygdeservice, utleige av bygningar og areal, hest som næring, jakt- og fiskerelaterte tilbod. Døme frå andre kommunar syner at mangfaldet i slike næringar kan vere stort, og at fleire små tiltak samla kan gi mykje lokal aktivitet. Mange eldre driftsbygningar står tomme og ubrukt, og er ein ressurs som kan utnyttast betre.

2.7.3 Kva må til for å lukkast?

For å utvikle fleire lønsame tilleggsnæringar er det ikkje nok at gardbrukarane har gode idéar. Det trengst også føreseielege rammer, rettleiing og samordning. Dei viktigaste føresetnadene er:

- god kommunal rettleiing i plan-, byggje- og godkjenningssaker
- betre oversyn over verkemiddel og støtteordningar
- samarbeid med Innovasjon Noreg, Statsforvaltaren, Vestland fylkeskommune, rådgjevingsmiljø og reiselivsaktørar
- synleggjering av lokale produsentar og lokale produkt
- møteplassar og nettverk som koplar saman landbruk, mat, reiseliv, kultur og offentlege tenester
- aktiv bruk av eksisterande bygningsmasse og ressursar på garden, innanfor omsyn til jordvern, naturmangfald og produksjonsgrunnlag

2.8 Urbant landbruk

Urbant landbruk omfattar mellom anna skulehagar, parsellhagar, nabolagshagar og anna matproduksjon i og nær tettstadene. Slike tiltak kan gi innbyggjarane praktisk kunnskap om matproduksjon, styrkje forståinga for landbruket og skape sosiale møteplassar. Urbant landbruk kan òg bidra positivt til folkehelse, inkludering, rekruttering og omdømet til næringa.

Prosjekt bør ha avklart areal, ansvar, drift og finansiering før oppstart. Skular, barnehagar, hagelag, frivillige og grunneigarar kan vere samarbeidspartnarar.

2.9 Miljø, klima og naturmangfald

Landbruket er avhengig av velfungerande økosystem, fruktbar jord og eit stabilt klima. Aktiv jordbruksdrift og beiting er avgjerande for å halde kulturlandskapet ope og ta vare på naturtypar

og artar som er knytte til tradisjonell drift. Samstundes må drifta innrettast slik at avrenning, ureining og tap av næringsstoff til jord, vassdrag og sjø vert redusert.

Klimaendringane vil gi landbruket nye utfordringar. Meir og kraftigare nedbør kan føre til erosjon, avrenning, jordpakking og skadar på jordbruksareal, vegar og dreneringsanlegg. Høgare temperaturar og lengre vekstsesong kan gi nye produksjonsmoglegheiter, men òg auka risiko for plantesjukdomar, skadegjerarar og etablering av framande artar. God agronomi, større merksemd om og satsing på god drenering, erosjonssikring og tilpassa plante- og treslagsval vert difor stadig viktigare.

Klimaarbeidet i landbruket må byggje på betre utnytting av lokale ressursar, redusert tap av næringsstoff og energi, og tiltak som styrkjer både produksjonen og klimatilpassinga. Klimakalkulator, miljøvenleg gjødselhandtering, god beitebruk og aktiv, berekraftig, skogforvaltning er aktuelle verkemiddel.

Målet må vere at landbruket skal bidra til matproduksjon og verdiskaping, samstundes som naturgrunnlaget vert forvalta langsiktig og berekraftig.

3 Hovudmål for landbruket i Samnanger kommune – kva vi vil

3.1 Hovudmål

- **Landbruket i Samnanger skal utnytte jord, skog, beite og andre bioressursar godt og heilskapleg**, slik at matjorda vert halden i drift, kulturlandskapet vert teke vare på og ressursane inngår i berekraftige, sirkulære løysingar.

- **Landbruket i Samnanger skal vere ein berebjelke for matsikkerheit, beredskap og levande lokalsamfunn,** gjennom aktiv lokal matproduksjon, mangfald i produksjonane og busette, robuste gardsbruk spreidd i heile kommunen.

- **Landbruket i Samnanger skal vere lønsamt, innovativt og framtidsretta, med fokus på tilleggsnæringar og lokal foredling,** som tek vare på eksisterande og skapar nye arbeidsplassar, styrkjer lokal verdiskaping og gjer landbruket til ein attraktiv arbeidsplass for nye generasjonar.

4 Delmåla - korleis nå måla i planen

Landbruksplanen har fire delmål som saman skal bidra til å nå hovudmåla for landbruket i Samnanger. Delmåla tek utgangspunkt i ressursgrunnlaget, utfordringane og moglegheitene som er skildra tidlegare i planen, og peikar ut retninga for kommunen sitt vidare arbeid med landbruket.

Dei fire delmåla er:

1. **Betre ressursutnytting** – ta vare på og nytte jord-, skog- og beiteressursane betre, og leggje til rette for aktiv og berekraftig drift.
2. **Betre beredskap** – styrkje lokal matproduksjon, produksjonsgrunnlaget og landbruket si rolle i den samla beredskapen.

3. **Sikre busetjing** – bidra til aktive landbrukseigedomar, generasjonsskifte og levande bygder i heile kommunen.
4. **Leggje til rette for tilleggsnæring og lokal foredling** – skape større verdiskaping med utgangspunkt i ressursane på garden, mellom anna gjennom sal av lokalmat, foredling, reiseliv og andre landbruksbaserte næringar.

I dei følgjande kapitla blir bakgrunnen for kvart delmål skildra nærare, saman med strategiane kommunen vil leggje til grunn for å nå måla.

4.1 Delmål 1: Betre ressursutnytting

Landbruket i Samnanger skal utnytte jordbruksareal, skog og utmark betre og meir heilskapleg. Jord som er eigna til matproduksjon skal haldast i drift, beiteressursane skal nyttast, næringsstoff skal gå i kretsløp, og kulturlandskapet skal takast vare på. God ressursutnytting skal samstundes bidra til å ta vare på naturmangfaldet og styrkje beredskapen.

4.1.1 Bakgrunn og utfordringsbilete

Samnanger er ein arealrik kommune, men med relativt lite jordbruksareal på 4 913 dekar jordbruksareal[4], der det meste vert brukt til grovfôrproduksjon beiting. I tillegg kjem store utmarksressursar knytte til skog, fjell og kyst. Samla gir dette eit stort potensial for matproduksjon, verdiskaping og naturmangfald.

Talet på søkjarar med innmarksbeite i Samnanger gjekk frå 42 i 2000 til 32 i 2025, medan omsøkt innmarksbeiteareal auka frå 814 til 1 127 dekar. Utviklinga viser at færre søkjarar held oppe eit større innmarksbeiteareal.

Samtidig ser vi at:

- klimaet er i endring, og delar av jordbruksarealet har svak drenering, auka jordpakking og behov for agronomiske tiltak.
- husdyrgjødsel og anna organisk materiale ikkje alltid vert utnytta optimalt som gjødsel- og jordforbetringsressurs.
- press frå ulike arealinteresser og utfordringar knytte til arealplanlegging, massehandtering og nydyrking gjer det krevjande å nå jordvernmåla.
- det finst beiter og anna areal ute av drift, samstundes som beiteskadar på innmark, frå hjort, skaper utfordringar.

Temaplan for landbruk i Vestland peikar på det same; potensial for betre utnytting av grovfôr- og beiteressursar, auka avling per dekar, betre bruk av næringsstoff, og meir systematisk arbeid for å ta i bruk jord som har gått ut av drift.

4.1.2 Strategiar for å nå delmålet

Halde jordbruksareal i drift og styrkje jordvernet

Det beste jordvernet er aktiv bruk av jordbruksareala. Samnanger kommune har allereie mål om at kommunen skal unngå omdisponering og nedbygging av jordbruksareal og verne om dyrka

[4] NIBIO sitt arealbarometer 2026-tal

mark. Aktiv drift og systematisk jordvern må følgjast opp saman, jf. kommuneplanen sin samfunnsdel (s. 17-18).

Kommunen vil:

- **følgje opp driveplikt systematisk**, med vekt på dialog og løysingar som gjer det mogleg å halde jorda i drift, anten eigar driv sjølv eller gjennom leigeavtale.
- **samordne landbruksplanen med kommuneplanen sin arealdel**, slik at kunnskapsgrunnlaget kjerneområde for landbruk vert brukt aktivt som grunnlag for å definere/revidere omsynssonar (H510).
- **utarbeide ein eigen jordvernstrategi for kommunen.**
- **vege jordvern tungt i plansaker**, og vurdere fortetting og transformasjon før omdisponering av dyrka og dyrkbar jord.

Ta i bruk jord som er gått ut av drift, og vurdere nydyrking der det er egna for dette

Det ligg eit stort potensial både i å ta i bruk att jord som har gått ut av drift, og i nydyrking der dette ikkje kjem i konflikt med klima, naturmangfald og kulturverdiar.

Kommunen vil:

- **skaffe oversikt over jordbruksareal som er ute av drift**, og vurdere desse opp mot behov for grovfôrproduksjon, beiteressursar, rekruttering og busetjing i området.
- **stimulere til reetablering av jordbruksareal** gjennom rettleiing, bruk av tilskotsordningar (t.d. drenering, SMIL-tiltak) og dialog med eigarar og leigetakarar.
- **leggje til rette for nydyrking der det er behov og fagleg og miljømessig forsvarleg**, i tråd med nasjonalt regelverk og regionale føringar.
- **vurdere ordningar som jordbank eller betre koordinering av massehandtering**, slik at overskotsmassar og matjord vert nytta til å forbetre eller etablere jordbruksareal, framfor å gå til avfall eller anna mindre tenleg bruk.

Betre utnytting av innmarks- og utmarksbeite

Topografien og klimaet gjer at kommunen, som resten av Vestland, er best eigna til grovfôrbasert husdyrhald og beitebruk. Vestland fylkeskommune peikar på auka grovfôrproduksjon og bruk av beite som eit hovudmål for ressursutnytting[5]. Dette er også særs viktig for å vedlikehalde kulturlandskapet.

Kommunen vil:

- **halde oppe og sikre utmarksbeitene som ein viktig del av matproduksjonen**, gjennom lokale prioriteringar, tilskot og samarbeid med beitelag.
- **støtte beitelag og fellestiltak** (tilsyn, sanking, gjerde, organisering), og ha fast dialog om utfordringar og løysingar (rovdyr, hjort, ferdsel, friluftsliv osv.)
- **stimulere til meir bruk av innmarksbeite**, mellom anna gjennom tilskot og agronomisk rettleiing
- **oppmode til å ta i bruk ny teknologi for betre beitebruk**, til dømes digitale gjerde («Nofence») der dette er aktuelt og fagleg vurdert som løysing

[5] Temaplan landbruk for Vestland fylke 2023–2027, s. 16

- **arbeide for å redusere beiteskadar frå hjort på innmark**, i samspel med viltforvaltninga og arbeidet med Hjorteviltstrategi.

God agronomi, drenering og utnytting av næringsstoff

Betre avling og kvalitet per dekar krev god agronomi: god jordstruktur og drenering, rett gjødsling og jordarbeiding og tilpassa teknologi. Våtare klima, jordpakking og tap av næringsstoff gir både økonomiske tap og miljøutfordringar.

Kommunen vil:

- **stimulere til betre drenering og jordstruktur**, mellom anna gjennom informasjon om statlege og lokale ordningar, utlån av jordprøvetakingsutstyr og rettleiing i samarbeid med rådgjevingsapparatet.
- **oppmode til gode gjødslingsplanar basert på jordprøvar og agronomisk rådgjeving**, slik at husdyrgjødsel, mineralgjødsel og eventuelle andre ressursar vert utnytta best mogleg.
- **vurdere bruk av slam og andre organiske ressursar** til jordforbetring der dette er fagleg forsvarleg, trygt og i tråd med regelverk og lokale prioriteringar.

Skogressursar, biomasse og energi

Over 37 prosent av arealet i Samnanger er skogkledd, og ein stor del er produktiv skog. Skogen er eit viktig grunnlag for tømmer, bioenergi og karbonbinding, og det er potensial for auka aktivitet og verdiskaping i skog- og trenæringa.

Kommunen vil:

- **stimulere til aktiv og berekraftig skogforvaltning**, med vekt på forynging, ungskogpleie, skogkultur og betre utnytting av skogfond
- **oppmode til betre utnytting av skogvirke til bioenergi og annan lokal verdiskaping**, i samarbeid med næringsaktørar og regionale verkemiddel
- **kople skogbruk til klima- og miljømål**, mellom anna gjennom rettleiing om klimatilpassa skogsdrift, bruk av skogen som karbonlager og omsyn til naturmangfald.

Urbant landbruk og betre kopling mellom folk og ressursar

Urbant landbruk, parsellhagar og skulehagar kan bidra til betre utnytting av areal, styrkt mat- og landbruksforståing, og nye møtepunkt mellom landbruk og innbyggjarar. Den nasjonale strategien for urbant landbruk, og temaplanen for Vestland, peikar på urbant landbruk som eit tiltak for både berekraft og rekruttering.

Kommunen vil:

- **leggje til rette for urbant landbruk der det er naturleg**, til dømes parsell- og skulehagar i samarbeid med skular, barnehagar og lag
- **vurdere bruk av eigna kommunale areal** til tiltak som støttar opp om landbruket, t.d. skulehagar, opplæring i jordbruk og «kortreist mat»-prosjekt. Dette bør sikrast gjennom arbeidet med arealdelen til kommuneplanen og i reguleringsplanarbeid
- **synleggjere samanhengen mellom ressursutnytting, matsikkerheit og folkehelse**, til dømes i undervisning, arrangement og informasjon.

Samordning med andre mål i landbruksplanen

Delmål 1 er eit grunnlag for dei andre delmåla i planen:

- **Betre beredskap:** Når jordbruksareal og beiteressursar er i aktiv bruk, har kommunen betre evne til lokal matproduksjon i krise, og fleire busette gardsbruk med maskinar, bygningar og kompetanse.
- **Sikre busetjing:** God ressursutnytting styrkjer økonomien på gardane og gjer det meir attraktivt å bu og investere i landbruket i Samnanger.
- **Tilleggsnæringar og lokal foredling:** Høgare avling, betre kvalitet og betre bruk av beite gir grunnlag for meir lokal foredling og fleire tilleggsnæringar – og dermed meir lokal verdiskaping.

Tiltak for betre ressursutnytting skal difor sjåast i samanheng med dei andre delmåla, både i tiltaksdelen og i den vidare gjennomføringa av planen.

4.2 Delmål 2: Betre beredskap

Landbruket i Samnanger skal vere ein tydeleg del av kommunal beredskap. Aktiv matproduksjon på lokale ressursar, robuste produksjonsmiljø og busette gardsbruk skal bidra til betre matsikkerheit, betre krisehandtering og styrkt samfunnstryggleik, i tråd med nasjonale mål om «matsikkerheit og beredskap» som eitt av dei fire hovudmåla for landbruks- og matpolitikken. [6]

4.2.1 Bakgrunn og utfordringsbilete

Krig i Europa, uro i verdsmarknadene, klimaendringar og meir ekstremvêr gjer at matforsyning og beredskap igjen er høgt på dagsorden. Regjeringa peikar i Meld. St. 11 (2023–2024) på at auka sjølvforsyning og eit robust norsk jordbruk er ein del av tryggleiks- og beredskapspolitikken.[7]

For Samnanger betyr dette mellom anna:

- at **jordbruksareala** må haldast i drift, slik at kommunen tek sin del av ansvar for nasjonal matproduksjon
- at vi treng **varierte produksjonar** (gras, grovfôr, mjølk, kjøt, frukt, bær, grønsaker m.m.) basert på lokale ressursar
- at **busette gardsbruk** med maskinar, bygningar, energi- og vassystem, kompetanse og nettverk er ein viktig ressurs også i beredskapssamanheng
- at **klimaendringar** kan gi større risiko for storm, flaum, skred, tørke og straumbrot, som kan råke både gardsdrift, infrastruktur og innbyggjarar.

Erfaringar frå pandemien og seinare år med ekstremvêr har vist at:

- kjedene for import og transport kan svikte
- bonden ofte er blant dei første som ser og varslar om skred, flaum, brann og andre hendingar

[6] Meld. St. 11 (2023–2024) Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket
[7] Meld. St. 11 (2023–2024) Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket

- det er behov for betre samspel mellom landbruket og det kommunale beredskapsarbeidet, både i førebygging, under hendingar og i oppbygginga etterpå.

Bøndene har samstundes fått tydelegare forventingar til **eigenberedskap**, til dømes mål om å kunne klare seg sjølv i minst 72 timar ved straumbrot, bortfall av vatn eller andre avbrot.

4.2.2 Strategiar for å nå delmålet

Landbruk som grunnmur i matberedskapen

Eit aktivt og variert landbruk er den viktigaste beredskapen for mat. For å styrkje dette vil kommunen:

- **ta vare på og arbeide for betre utnytting av matjorda**, gjennom etablering av jordvernstrategi og oppfølging av driveplikt, slik at produksjonsareala vert halde i hevd
- **støtte opp om produksjon basert på lokale ressursar**, særleg gras- og beitebasert produksjon, frukt, bær og grønsaker som kan gje mat også om import- og transportliner sviktar
- **knyte arbeidet med beredskap til dei andre delmåla i planen**, særleg betre ressursutnytting og rekruttering, slik at matproduksjonen vert både robust og langsiktig.

Eigenberedskap og robust drift på gardsnivå

God beredskap startar på kvar enkelt gard. Kommunen vil bidra til at gardane i Samnanger står best mogleg rusta ved kriser, ved å:

- **tilrå alle gardbrukarar til å ha ein enkel beredskapsplan for eigen drift**, med oversikt over straumløysingar, vatn til husdyr, fôr- og drivstofflager, kontaktliste, alternative leverings- og henteplassar m.m.
- **oppmode til eigenberedskap i minst 72 timar** for straum, vatn, varme og kommunikasjon, tilpassa gardsdrifta (t.d. bruk av aggregat, vasslager, alternative varmekjelder og reservefôr)
- **leggje til rette for informasjonsmøte og kurs om beredskap på gard**, gjerne i samarbeid med faglaga, beredskapsavdelinga i kommunen, brannvesen og andre relevante aktørar

Tettare kopling mellom landbruket og kommunal beredskap

Landbruket må vere ein naturleg del av kommunen sitt beredskapsarbeid. Samnanger kommune vil:

- **tydeleggjere landbruket si rolle i kommunale beredskapsplanar og ROS-analysar**, til dømes som ressurs for maskinkapasitet, lokale lager, tilkomst og lokalkunnskap
- **ha rutinar for kontakt og samhandling** mellom landbruksforvaltninga, kriseleiinga, teknisk sektor, brannvesen og andre einingar når hendingar råkar jordbruk og skogbruk (t.d. flaum, skred, husdyrsjukdom eller store straumbrot)
- **peike ut kontaktpersonar** i kommuneadministrasjonen som har særleg ansvar for dialog med landbruket i beredskapssaker.

Klimatilpassing, naturfare og beredskap i arealplanlegginga

Klimaendringar gjer at risikoen for ekstremnedbør, flaum, skred og tørke aukar, noko som påverkar både landbruket og samfunnet elles. For å møte dette vil kommunen:

- **integrere omsyn til jordbruksdrift og beredskap i arealplanlegginga**, slik at ein ikkje byggjer ned eller skjer av viktige jordbruksområde og driftsvegar som er sentrale for både matproduksjon og tilkomst i krise. Jordvernet skal styrkjast mellom anna gjennom ein eigen jordvernstrategi for kommunen
- **kartleggje og følgje opp skred- og flaumfare på landbrukseigedomar**, og bruke denne kunnskapen aktivt i innspel til arealplanarbeid, tilskotsforvaltning og rettleiing av bønder
- **oppmode til klimatilpassing på gardsnivå**, til dømes betre drenering, gode løysingar for overvatn, sikring av løer og driftsbygningar, og vurdering av robuste artsval og driftsformer
- **samordne landbruksplanen med kommunale beredskapsplanar**, slik at tiltak for klimatilpassing i landbruket får ein tydeleg plass i det samla beredskapsarbeidet.

Utnytting av landbruket sine ressursar i krise og kvardag

Gards- og skogbrukarar har ressursar som kan vere avgjerande i ein krisesituasjon: maskinar, traktor med utstyr, skogsmaskinar, bygningar, kompetanse, nettverk og lokalkunnskap. Kommunen vil:

- **ha oversikt over relevante ressursar i landbruket** som kan vere aktuelle å nytte i krisehandtering (t.d. traktor med brøyteutstyr, skogsmaskinar, tankar for vatn/transport, større bygningar/areal som mellombelse samlingsplassar)
- **synleggjere landbruket som samfunnsressurs** gjennom informasjonsarbeid, til dømes i samband med kampanjar om eigenberedskap og kriseøvingar
- **stimulere til lokal foredling og lagerhald** som styrkjer den lokale tilgangen på mat og andre varer i periodar med stengde vegar eller svikt i forsyninga.

Samordning med andre mål i landbruksplanen

Delmål 2 har klare koplingar til dei andre delmåla i planen:

- **Betre ressursutnytting:** Når jordbruksareal og beiter vert halde i drift, er kommunen betre rusta til å produsere mat også i krisetider.
- **Sikre busetjing:** Busette gardsbruk og levande bygder gir meir robust beredskap, med folk, maskinar og kompetanse spreidd i heile kommunen.
- **Tilleggsnæring og lokal foredling:** Lokal foredling, gardsbutikkar og andre tilleggsnæringar gir fleire bein å stå på og kan styrkje lokal matforsyning og forsyningstryggleik.

Det er difor viktig at tiltak for beredskap vert vurderte i samanheng med tiltak under dei andre delmåla, både i tiltaksdelen og i den praktiske oppfølginga av planen.

4.3 Delmål 3: Sikre busetting

Landbruket i Samnanger skal bidra til aktiv busetjing i heile kommunen. Gardsbruk og landbrukseigedomar skal så langt som mogleg vere både i drift og i bruk som heilårsbustad, slik

at landbruket styrkjer lokalsamfunna, næringslivet, beredskapen og matproduksjonen. Dette delmålet støttar opp under dei nasjonale måla om landbruk over heile landet og levande bygder.

4.3.1 Praktisering av buplikt og driveplikt

Samfunnsdelen for Samnanger legg til grunn at kommunen skal handheve buplikt og driveplikt i tråd med jordlova og konsesjonslova.

Driveplikta gjeld jordbruksarealet, medan buplikt følgjer av vilkåra i konsesjonsregelverket eller av vilkår i eit konsesjonsvedtak. Kommunen skal gi tydeleg rettleiing om skiljet mellom desse pliktene og følgje opp sakene på ein føreseieleg måte.

For meir rundt dette temaet, sjå eige vedlegg til landbruksplanen – «Landbruksplan og regelverket».

4.3.2 Bakgrunn og utfordringsbilete

Samnanger er ein stor og variert landbrukskommune, med både sentrumsnære jordbruksområde, fjord- og kystlandskap og store utmarksressursar. Samstundes ser vi fleire utviklingstrekk som påverkar busetjing på landbrukseigedomar:

- færre heiltidsbruk, fleire kombinasjonsbruk og ein aukande del jordbruksareal som vert drive gjennom leigeavtalar
- eigedomar der våningshuset står tomt, eller der eigar bur ein annan stad og driv jorda gjennom leige
- press på areal og bustadmarknad i sentrale område, samstundes som bygder og grender kan oppleve fråflytting og aldrande befolkning
- krevjande generasjonsskifte, der økonomi, bustadbehov og livsval gjer at unge er usikre på om dei vil overta garden.

Eit busett og aktivt gardsbruk gir arbeidsplassar, skatteinntekter, aktivitet i lag og organisasjonar, bidreg til å halde beite og kulturlandskap i hevd, og betre lokal beredskap når kriser oppstår.

Kommunen ønskjer difor å bruke verkemiddel som buplikt, driveplikt, konsesjonslov, arealplanlegging og lokale tilskotsordningar, meir målretta for å kople saman busetjing, drift og berekraftig ressursbruk.

NIBIO peikar på at juridiske verkemiddel som buplikt, aktiv konsesjonshandsaming og eventuelt nedsett konsesjonsgrense kan bidra til busetjing, men at slike verkemiddel åleine har avgrensa effekt. Skal kommunen lukkast med å styrkje busetjinga på landbrukseigedomar og i grisgrendte område, må verkemidla kombinerast med kartlegging av ledige eigedomar og bustader, dialog med eigarar, praktisk tilrettelegging og langsiktig politisk forankring.

4.3.3 Strategiar for å nå delmålet

Tydeleg og føreseieleg praktisering av buplikt

Kommunen skal bruke buplikt aktivt for å fremje heilårsbusetjing på landbrukseigedomar der dette er føremålstenleg. Det inneber at:

- omsynet til busetjing og levande lokalsamfunn skal vektleggjast tydeleg i konsesjonssaker og ved søknader om fritak frå buplikt
- kommunen utarbeider og kommuniserer tydelege retningsliner for praktisering av buplikt, slik at eigarar, meklarar og rådgjevarar veit kva som vert forventa
- det vert lagt vekt på dialog, rettleiing og løysingsorienterte prosessar før ein eventuelt går vidare med strengare reaksjonar.

Buplikt skal ikkje berre opplevast som ei plikt, men som ein del av ein heilskapleg bustad- og distriktsstrategi, der også andre kommunale verkemiddel (til dømes infrastruktur, barnehage/skule, breiband og kulturtilbod) spelar inn.

Aktiv oppfølging av driveplikt og jordlova

For å sikre at jorda vert halden i drift, og at busetjing og drift heng saman, vil kommunen:

- følgje opp driveplikta på ein systematisk måte og med lik praksis, med vekt på informasjon og dialog med eigar
- oppmode eigarar som ikkje har høve til å drive sjølve, til å inngå gode og langsiktige leigeavtalar
- som hovudregel stille krav om buplikt i konsesjonssaker, slik at ein stimulerer til både drift og busetjing på eigedomane
- bruke jordlova aktivt for å unngå ytterlegare oppstykking og omdisponering av produksjonsareal.

Auke omsetnad av landbrukseigedomar utan busetjing eller drift

Eit særleg potensiale ligg i å få fleire «tomme bruk» og lite brukte landbrukseigedomar ut i marknaden. Desse eigedomane representerer eit stort potensial både for nye bønder, tilflyttarar, skatteintektar og lokal beredskap.

Kommunen vil:

- kartleggje landbrukseigedomar utan busetjing eller aktiv drift, og sjå desse i samanheng med rekrutteringsbehov og mål om busetjing
- vurdere å setje i gang eit eige prosjekt for «ledige bruk» etter inspirasjon frå andre regionar (Voss, Vest-Telemark), der målet er å kople eigarar, potensielle kjøparar og leigetakarar, og senke terskelen for eigarskifte
- bruke informasjonsarbeid aktivt for å formidle at gardsbruk utan busetjing og drift er ein uutnytta ressurs, og samstundes ei moglegheit for nye familiar som vil bu og arbeide i Samnanger
- halde fram med å følgje opp treårsfristen i saker der landbrukseigedomar ligg i dødsbu.

Leggje til rette for at det er attraktivt å bu på gardsbruk

For å sikre busetjing er det ikkje nok med plikter; det må òg vere attraktivt å bu og drive i Samnanger. Dette delmålet heng difor tett saman med arbeidet med lokalmat, tilleggsnæringar, reiseliv og «Inn på tunet» og andre velferdstenester.

Kommunen vil:

- sjå oppfølging av buplikt i samanheng med satsing på tilleggsnæringar, lokalmat og reiselivstilbod på gardane
- vere ein aktiv medspelar i generasjonsskifte, gjennom rettleiing om regelverk, verkemiddel og aktuelle rådgjevingsmiljø
- samarbeide med næringsapparatet om å utvikle gode etablerartilbod for dei som ønskjer å busette seg og starte næring på landbrukseigedom
- vektleggje heilårsbusetjing på landbrukseigedomar i bustad- og arealplanlegginga, til dømes ved å unngå at viktige gards- og tunmiljø gradvis vert endra til fritidsområde.

Samordning med andre mål i landbruksplanen

Delmål 3 har klare koplingar til dei andre delmåla i planen:

- **Betre ressursutnytting:** Busette og aktive bruk er ein føresetnad for å halde jordbruksareal og utmarksbeite i drift.
- **Betre beredskap:** I ein beredskapssituasjon er busette gardsbruk ein nøkkelressurs, både for matproduksjon, maskinar, bygningar og lokal kunnskap.
- **Tilleggsnæringar:** Nye næringar på garden (Inn på tunet, reiseliv, lokalmat, bioenergi m.m.) kan vere avgjerande for at unge vel å busetje seg og leve av inntektene frå garden.

Det er difor viktig at tiltak knytt til busetjing vert vurderte samla med tiltak for ressursutnytting, beredskap og næringsutvikling, både i tiltaksdelen og i oppfølginga av planen.

4.4 Delmål 4: Legge til rette for at fleire gardar kan drive tilleggsnæring og lokal foredling

Samnanger kommune skal leggje til rette for at fleire gardar utviklar lønsame tilleggsnæringar og lokal foredling av råvarer. Tilleggsnæringane skal styrkje hovudnæringane i landbruket, gi nye arbeidsplassar, bidra til auka sjølvforsyning og verdiskaping basert på lokale ressursar, og vere ein del av ein meir sirkulær og berekraftig bioøkonomi. Dette er i tråd med nasjonale mål om auka verdiskaping og betre utnytting av bioressursane, og regional satsing på innovasjon og næringsutvikling i landbruket.

4.4.1 Bakgrunn og utfordringsbilete

Landbruket i Vestland er allereie prega av eit stort mangfald av tilleggsnæringar: leigekøyring, utleige, reiseliv, utmarksnæring, «Inn på tunet», lokalmat og foredling m.m. Desse næringane stod i 2020 for om lag 14 prosent av verdiskapinga i landbruket i fylket, og har hatt tydeleg vekst dei siste åra.

Samtidig ser vi fleire utviklingstrekk som både gir moglegheiter og utfordringar:

- Auka etterspurnad etter lokalmat og produkt med tydeleg opphav, historie og kvalitet. Forbrukarar ønskjer nærleik til både produsent og produkt.
- Vekst i direkte sal og nye marknadsløysingar (REKO-ring, Bondens marknad, lokalmatbutikkar, nettbutikk, abonnementskassar m.m.), som gjer det enklare å nå kundane, men som også stiller krav til marknadsføring, logistikk og kapasitet.
- Etterspurnad etter natur- og kulturopplevingar, aktivitetar og reiselivstilbod som er forankra i landbruk og kulturlandskap.

- Behov for å utnytte eksisterande bygningsmasse og ressursar betre. Til dømes driftsbygningar som ikkje lenger er i aktiv husdyrdrift, rest- og sidestraumar frå produksjonen, og energiressursar på garden.

For mange bruk i Samnanger kan ei gjennomtenkt tilleggsnæring vere avgjerande for å sikre inntekt, rekruttering og busetjing, samstundes som ho gir kommunen meir lokal verdiskaping, fleire arbeidsplassar og eit breiare teneste- og opplevingstilbod. Utfordringa er at etablering av tilleggsnæring ofte krev ny kompetanse, kapital, marknadstilgang og tett dialog med både kommune, verkemiddelapparat og andre næringar.

4.4.2 Strategiar for å nå målet

Styrkje lokalmat og foredling på garden

Lokalmat og lokal foredling gir bøndene større del av verdiskapinga, og gir forbrukarane kortreist mat med tydeleg opphav. Dette er eit godt verkemiddel for å skape større lønsemd, særleg for produsentar som ikkje har grunnlag for å levere store volum gjennom dei tradisjonelle omsetningskanalane.

Kommunen vil:

- **leggje til rette for etablering og utvikling av fleire småskala foredlingsverksemder** på gardane (meieri og ysteri, kjøt- og pølseproduksjon, frukt- og bærforedling, grønsaker, honning, drikke, bakeri og gardskafé m.m.), mellom anna gjennom rettleiing om plan- og byggesak, hygiene- og godkjenningskrav og bruk av eksisterande bygningsmasse
- **støtte opp om gode omsetningskanalar for lokalmat**, til dømes REKO-ring, Bondens marknad, marknadshagar, gardsbutikkar, garden sitt eige utsal og samarbeid med lokale daglegvarebutikkar og serveringsstadar.
- **arbeide for at kommunen sjølv tek i bruk lokalmat der det er mogleg**, til dømes i kantiner, institusjonar og arrangement, i tråd med regionale føringar om auka lokal verdiskaping.
- **synleggjere lokale produsentar og produkt** gjennom digitale plattformer, profileringsarbeid og samarbeid med reiseliv og kulturnæringane.

For meir informasjon, sjå eige vedlegg til landbruksplanen: «Lokalmat i Samnanger».

Garden som arena for opplevingar og reiseliv

Garden og kulturlandskapet er eit viktig grunnlag for opplevingsbaserte tilleggsnæringar: gardsovernatting, servering, arrangement, aktivitetar, gaiding, jakt og fiske, og tilbod retta mot skule, barnehage, lag og organisasjonar.

Kommunen vil:

- **leggje til rette for gardsturisme og opplevingsbaserte tilbod**, i samarbeid med reiselivslag, næringsapparat og regionale aktørar.
- **bruke arealplanlegging aktivt** for å opne for kombinasjon av landbruksdrift og reiseliv der det er naturleg, samstundes som ein tek omsyn til jordvern og produksjonsgrunnlag
- **oppmode til bruk av eksisterande ressursar** i tunmiljø, kulturlandskap, kyst- og fjordlandskap, skog og utmark, til aktivitetar og opplevingar som er berekraftige og tilpassa natur- og miljøomsyn

- **kople landbruksbaserte opplevingar til etablerte tur- og besøksmål** i kommunen (turløyper, kulturminne, kulturarrangement), slik at fleire får oppleve landbruket og kulturlandskapet på nært hald.

«Inn på tunet» og andre velferds- og omsorgstenester

«Inn på tunet» og liknande velferdstenester på gardsbruka gir tilrettelagde og meiningsfulle aktivitetar for barn, unge og vaksne, og skapar nye, stabile inntektsgrunnlag for gardbrukarane.

Kommunen vil:

- **legge til rette for å utvikle og vidareutvikle og ta i bruk Inn på tunet-tilbod** i samarbeid med skule, barnehage, helse- og omsorgstenester, NAV og andre relevante einingar i kommunen
- **sikre god kvalitet, tryggleik og føreseieleg praksis** gjennom klare avtalar, bruk av nasjonale kvalitetssystem og tett dialog mellom tenesteytar (garden) og bestillar (kommunen)
- **informere aktuelle gardbrukarar** om moglegheiter innan «Inn på tunet» og liknande tenester, og vise til rådgjeving og verkemiddelordningar (Innovasjon Noreg og fleire).

Nyskaping, bioøkonomi og betre bruk av ressursane på garden

Tilleggsnæringar handlar òg om å utnytte ressursar betre: bygningar, skog- og utmarksressursar, energi m.m. Nasjonale satsingar på bioøkonomi og Bionova peikar på potensialet for ny verdiskaping basert på betre utnytting og høgare foredling av bioressursar.

Kommunen vil:

- **oppmode til ny bruk av driftsbygningar som ikkje lenger er i tradisjonell drift**, til dømes til verkstader, lager, produksjonslokale for tilleggsnæring, gardsbutikk, servering eller aktivitetar, der dette er i tråd med plan- og bygningslova og jordvernomsyn.
- **støtte prosjekt som tek i bruk restressursar** (t.d. avfall frå foredling, flis og ved frå skog, halm og anna biomasse) til nye produkt eller energi (bioenergi, kompost, jordforbetringsmiddel m.m.).
- **synleggjere moglegheiter i bioøkonomien** og vise til relevante verkemiddel (Innovasjon Noreg, Bionova, regionale program m.m.).
- **stimulere til samarbeid mellom fleire gardbrukarar**, til dømes kring felles foredlings- og lagerløysingar, felles sal (REKO-ringen) og marknadsføring eller felles aktivitetstilbod.

Kompetanse, rådgjeving og samspel med verkemiddelapparatet

Utvikling av tilleggsnæring krev ofte ny kompetanse innan økonomi, marknad, regelverk, teknologi og produktutvikling. Samstundes finst det ei rekkje verkemiddel lokalt, regionalt og nasjonalt som kan støtte gode prosjekt, men som kan opplevast som uoversiktlege.

Kommunen vil:

- **ha ein tydeleg inngangsport for bønder som vil utvikle tilleggsnæring**, og gje rettleiing og vise vidare til rett kompetanse, til dømes landbruksrådgjevinga, næringsapparatet, Innovasjon Noreg, fylkeskommunen og Statsforvaltaren

- **bidra til kurs, møteplassar og nettverk** for lokalmatprodusentar, reiselivsaktørar, Inn på tunet-tilbydarar og andre tilleggsnæringar i Samnanger, gjerne i samarbeid med nabokommunar og regionale aktørar
- **samordne kommunale verkemiddel og prioriteringar** (tilskot, næringsfond, arealplanlegging, profilering) slik at dei støttar opp under dei same strategiane
- **arbeide aktivt i regionale fora** for å sikre at Samnanger får del i satsingar på innovasjon og næringsutvikling i landbruket i Vestland.

4.4.3 Samordning med andre mål i landbruksplanen

Delmål 4 heng tett saman med fleire av dei andre delmåla i planen:

- **Betre ressursutnytting:** Tilleggsnæring og lokal foredling gjer at meir av verdiskapinga skjer lokalt, og at ressursane på garden, areal, bygningar, biomasse og kompetanse, vert utnytta betre.
- **Sikre busetjing:** Lønsame tilleggsnæringar kan vere avgjerande for at unge vel å overta og bu på garden, og for at fleire kan ha arbeidsplass på eller nær garden.
- **Beredskap og sjølvforsyning:** Lokal foredling og meir robuste gardsøkonomiar styrkjer matberedskapen og evna til å halde oppe produksjon i urolege tider.

Tiltak knytt til tilleggsnæring skal difor vurderast samla med tiltak for ressursutnytting, busetjing, klima/miljø og beredskap i tiltaksdelen og i den praktiske oppfølginga av planen.

4.5 Vedlegg og kjelder

Vedlegg

- Tiltaksdel til landbruksplanen for Samnanger kommune 2026–2038
- Kunnskapsgrunnlag kjerneområde for landbruk
- Kunnskapsgrunnlag for temaplan landbruk og jordvernstrategi for Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes (NIBIO)
- Landbruksplan og regelverket
- Lokalmat i Samnanger

Kjelder

Landbruksplanen byggjer på nasjonale, regionale og kommunale planar og føringar, offentleg statistikk og kartgrunnlag, fagrapportar og lokale kunnskapsgrunnlag. I tillegg har medverknad frå landbruksnæringa, fagmiljø og kommunen sine eigne fagområde vore viktig i arbeidet.

Planar og offentlege dokument

Nasjonale føringar og dokument

- Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*
- Nasjonal jordvernstrategi
- Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*
- Landbruks- og matdepartementet (1998): *Veileder for utforming av landbruksplan*
- Landbruks- og matdepartementet (2005): *Kjerneområde landbruk – Veileder for registrering og prioritering av viktige områder for jordbruk og kulturlandskap*
- Relevant lovverk, forskrifter, rundskriv og rettleiing frå Landbruks- og matdepartementet og Landbruksdirektoratet, mellom anna knytt til jordlova, konsesjonslova og skogbrukslova.

Regionale føringar

- Vestland fylkeskommune: *Temaplan landbruk for Vestland fylke 2023–2027*
- Vestland fylkeskommune: *Handlingsplan for landbruk i Vestland 2022*
- Andre relevante regionale planar og strategiar for klima, næringsutvikling, naturressursforvaltning og samfunnsutvikling.

Kommunale planar og kunnskapsgrunnlag

- Samnanger fram mot 2035, samfunnsdelen til kommuneplanen 2024–2035
- Samnanger kommune: Kommuneplanen sin arealdel 2017–2027
- Kommunal planstrategi 2025-2028, for Samnanger kommune
- Fagnotat næringsutvikling til samfunnsdelen. Særleg punkt 4.7.4 om landbruk og kapittel 6 om moglegheiter, mål og arealstrategi.

- *Revidering av kjerneområde landbruk i Samnanger kommune 2026*
- Arbeidet med kommunal jordvernstrategi
- Andre relevante kommunale planar, strategiar og faggrunnlag.

Statistikk, kart og fagleg kunnskapsgrunnlag

- Landbruksdirektoratet – statistikk frå produksjons- og avløysartilskot og andre landbruksordningar
- NIBIO – Arealressurskart (AR5), Kilden, jordbruksareal, jordkvalitet og anna relevant kart- og statistikkgrunnlag
- Statistisk sentralbyrå (SSB) – landbruks-, nærings-, areal- og befolkningsstatistikk
- Kommunen sitt eige talgrunnlag for utviklinga i jordbruksproduksjonane i Samnanger
- Kommunale kartdata og anna GIS-grunnlag
- Data og statistikk knytt til skogbruk, avverking, skogkultur og landbruksvegar
- Menon Economics og AgriAnalyse (2025): *Ringvirkninger av landbruksbasert næring i distriktene*
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (2022): *Rapport – kartlegging av kommunenes oppfølging av driveplikten*
- Anna relevant faggrunnlag frå Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, NIBIO, Landbruksdirektoratet og andre fagmiljø.

Samanliknings- og inspirasjonsgrunnlag

I arbeidet er det òg sett på planar, strategiar og tiltaksdelar frå andre kommunar for å hente erfaringar med struktur, prioriteringar og oppfølging av kommunale landbruksplanar. Mellom anna:

- Kommunedelplan for landbruk og handlingsdel for Kvinnherad kommune
- *Overordna retningsliner for landbruk i Kvinnherad 2025–2027*
- *Lokale retningsliner for SMIL og tilskot til tiltak i beiteområde 2025–2028* for Stord og Fitjar
- Landbruksplan og tiltaksplan for Lier kommune

Desse dokumenta er nytta som inspirasjon og samanlikningsgrunnlag, og ikkje som direkte kunnskapskjelder om landbruket i Samnanger.

Medverknad og lokale faglege innspel

Lokalkunnskap og medverknad har vore ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for planen. Mellom anna er følgjande nytta i planarbeidet:

- Møte og dialog med lokale faglag og representantar for landbruksnæringa
- Digital spørjeundersøking blant bønder i Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger
- Interne arbeidsverkstader og faglege drøftingar internt i kommunen
- Fagseminar med Arne Bardalen (Nibio)

- Dialog og erfaringsutveksling med landbrukskontoret i Kvinnherad kommune
- Faglege drøftingar med Statsforvaltaren i Vestland
- Lokalkunnskap og erfaring frå tilsette ved Bjørnafjorden landbrukskontor.